


# Supplerande naturypekartlegging i Surnadal kommune i 2014



Rapport MU2015-02



#### **Framsidebilete**

Gammal styvingsalm i Skrøåbakkan ved Ramsøy i Todalen, som er truga av spreiing av gran. Begge delar er symbol på viktige trekk ved resultata av årets kartlegging – dei store naturverdiane som er knytt til gamle styvingstre og trugsmålet som spreiing av framande artar utgjer mot naturmangfaldet i Surnadal. Foto: Geir Gaarder

# RAPPORT 2015-02

<b>Utførande institusjon:</b> Miljøfaglig Utredning AS	<b>Prosjektansvarleg:</b> Geir Gaarder
	<b>Prosjektmedarbeidar(e):</b> Ulrike Hanssen
<b>Oppdragsgjevar:</b> Fylkesmannen i Møre og Romsdal, miljøvernavdelinga	<b>Kontaktperson hos oppdragsgjevar:</b> Kjell Lyse
<b>Referanse:</b> Gaarder, G. & Hanssen, U. 2015. Supplerande naturypekartlegging i Surnadal kommune i 2014. Miljøfaglig Utredning Rapport 2015-02: 1-31 + vedlegg, ISBN 978-82-8138-752-2.	
<b>Referat:</b> <p>Miljøfaglig Utredning AS har utført kvalitetssikring og supplerande kartlegging av naturtypar i Surnadal kommune, Møre og Romsdal fylke i 2014. Oppdraget vart gjennomført for Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Nye og omskrivne gamle lokalitetar er lagt inn i databasen Natur2000, og faktaark for kvar lokalitet er lagt inn i denne rapporten. I tillegg er det gitt kortfatta vurderingar og kommentarar til lokalitetar og funn. Til slutt er det gjort ein samla vurdering av kartleggingsinnsatsen, med forslag til framtidige prioriteringar av feltarbeidet.</p> <p>I Surnadal vart 8 tidlegare registrerte lokalitetar sjekka i felt. Dei fleste av desse fordi oppdragsgjevar ville at store og truleg därleg avgrensa og lite dokumenterte skogsmiljø skulle prioritast. Alle område viste seg å innehalde naturverdiar, men fleire av lokalitetane vart splitta opp (totalt vart det no avgrensa 13 områder) og det vart gjort til dels store endringar på avgrensing, samt oppdatert områdeskildringar og verdivurderingar.</p> <p>I tillegg vart det kartlagt 21 heilt nye lokalitetar, slik at Fylkesmannen no fekk i alt 34 nye naturtypar som skal leggjast inn i Naturbase. Dei nye er av ulike naturtypar, men m.a. vart ein del flaummarksmiljø langs Surna no kartlagt. Under registreringane vart det samtidig gjort ein god del funn av raudlisteartar, i alt 82 funn av 23 ulike artar. Fleire av artane er truga, og den sårbare kanelsandkjuka vart funne på to plassar i Todalen som ny for Vestlandet.</p> <p>Til sist i rapporten er utfordringar for forvaltninga og trong for nye undersøkingar diskutert. Fokuset er særleg retta mot dei trugsmåla spreiling av framande artar og høg hjortestamme utgjer for naturmangfaldet i kommunen. Det vert i tillegg åtvara mot å foreta særlege naturinngrep utan gode biologiske undersøkingar på førehand, da kommunen framleis berre har middels dekningsgrad på naturypekartlegginga. Det er framleis lett å finne nye verdifulle lokalitetar, sjølv tett innpå kommunesenteret.</p>	

# FORORD

Miljøfaglig Utredning har utført ei kvalitetssikring og supplerande kartlegging av naturtypar i Surnadal kommune, Møre og Romsdal fylke. Oppdraget omfattar kartlegging og avgrensing av naturtypar, og registrering av artsinnhald. Arbeidet er i første rekkje gjort med grunnlag i nytt feltarbeid, og berre i mindre grad innsamling og systematisering av eksisterande data. For Miljøfaglig Utredning har Geir Gaarder vore prosjektansvarleg og Ulrike Hanssen har vore med under både kartlegging og rapportering.

Kartlegginga er utført på oppdrag frå Fylkesmannens miljøvernavdeling i Møre og Romsdal, der Kjell Lyse har vore kontaktperson og hovudansvarleg. Han skal ha takk for hjelp med tips om lokalitetar for prioritering av feltarbeidet.

*Tingvoll / Murnau, 27.01.2015*

*Miljøfaglig Utredning AS*

*Geir Gaarder & Ulrike Hanssen*

# INNHOLD

1	INNLEIING .....	6
2	METODE .....	7
2.1	GENERELET.....	7
2.2	VERDSETTING .....	7
2.3	FORKLARING AV ORD OG UTTRYKK.....	10
3	VERDIFULLE NATURTYPAR .....	11
3.1	EKSISTERANDE KUNNSKAP .....	11
3.2	KVALITETSSIKRING AV GAMLE NATURTYPAR .....	11
3.3	NYE UNDERSØKINGER.....	17
4	RAUDLISTEARTAR .....	19
5	UTFORDRINGAR FOR FORVALTNINGA .....	26
5.1	FRAMANDE ARTAR .....	26
5.2	OVERBEITING AV HJORT .....	28
5.3	KUNNSKAPSNIJVÅ OG FORVALTNINGSPRAKSIS .....	29
6	KUNNSKAPSGRUNNLAG OG OPPFØLGJANDE ARBEID .....	31
7	KJELDER .....	32
8	VEDLEGG - NATURTYPEOMTALAR.....	33

# 1 INNLEIING

---

I Stortingsmelding nr. 58 om miljøvernpolitikk for ei bærekraftig utvikling (Miljøverndepartementet 1997) skrev Stortinget at «*Alle landets kommuner skal ha gjennomført kartlegging og verdiklassifisering av det biologiske mangfoldet på kommunens areal i løpet av år 2003*». Miljødirektoratet, tidlegare Direktoratet for naturforvaltning, har utarbeidd ei handbok til hjelp for kommunane i kartleggingsarbeidet (Direktoratet for naturforvaltning 1999a, seinast supplert i 2007, og nå under ny revisjon).

Naturmangfaldlova (2009) har som formål å sikre at det biologiske mangfoldet blir tatt vare på gjennom berekraftig bruk og vern. Lova inneholder flere viktige prinsipp, m.a. om at ”*Offentlige beslutninger som berører naturmangfoldet skal så langt det er rimelig bygge på vitenskapelig kunnskap om arters bestandssituasjon, naturtypers utbredelse og økologiske tilstand, samt effekten av påvirkninger. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i et rimelig forhold til sakens karakter og risiko for skade på naturmangfaldet*” (§8). Denne lova og krava den stiller til kunnskapsgrunnlaget, har også behovet for gode data på naturmangfald i kommunane.

Naturtypekartlegging var først utført i Surnadal kommune for 10 år siden (Aune 2005), men det har vore utført flere supplementer siden (m.a. Gaarder & Stenberg 2009, Gaarder m.fl. 2011). Data fra eldre kartleggingar ligg inne i Naturbase (Miljødirektoratet 2015).

Samla sett har den tidlegare kartlegginga i Surnadal ganske god geografisk spreiing under skoggrensa, men ingen delar av kommunen er godt kartlagt. Fylkesmannen i Møre og Romsdal ønskte i 2014 å få gjennomført ei supplerande kartlegging og kvalitetssikring av ein del eldre data, særleg for store og dårleg dokumenterte skogområde.

I denne rapporten er resultata frå feltarbeidet i 2014 summert opp og faktaark for kvar lokalitet lagt ved. I tillegg er det gitt ei kort oversikt over kjende naturverdiar i Surnadal kommune, inkludert førekjoming av raudlisteartar. Til slutt er det diskutert om det er trond for enda meir undersøkingar. Resultata frå dei undersøkte lokalitetane er lagt inn i den nyaste versjonen av databasen Natur2000, og resultata vil bli overført omlag direkte til Naturbase.

Vi håper resultata frå kartlegginga vil kome til nytte i kommunen si arealforvalting. Ikke minst i samband med handheving av naturmangfaldlova.

## 2 METODE

---

### 2.1 Generelt

Miljødirektoratet (tidlegare Direktoratet for naturforvaltning) (2007) si handbok i kartlegging av biologisk mangfold har vore ei sentral rettesnor for korleis arbeidet har vorte lagt opp. Handboka sine metodar for kva for naturtypar som skulle registrerast, verdsetjast og presenterast, har vore styrande.

Handboka deler norsk natur inn i 7 hovudtypar, og det er valt ut vel 60 naturtypar innanfor desse som skal prioriterast i kartlegginga. Den same hovudinndelinga og dei same prioriteringane av naturtypar er brukt i dette prosjektet. Også handboka sitt verdsettingssystem er brukt (men da med nye retningsliner for verdsetting basert på dei nyaste faktaarka).

Handboka har i perioden 2011-2014 vore under revisjon og det har både kome til nokre nye naturtypar og vorte store revisjonar av faktaarka. I denne rapporten er dei nyaste utgåvene av faktaarka nytta, primært frå seinhausten 2014, sjølv om dette framleis berre er å rekne som utkast og endelige, offisielle versjonar manglar. Det har likevel vore så mange, store og naudsynte endringar at dei gamle versionane frå 2007 verkar lite relevante.

Alle lokalitetar er lagt inn i ein eigen database. Som databaseverktøy er NaturkartDA sin base Natur2000 versjon 5.0 brukt. Det gjer at vi har moglegheit til å eksportere alle data til Excel-filer i formatet som er påkravd for innlegging i Naturbase.

Kvar lokalitet er digitalt avgrensa ved hjelp av GIS-programvaren Qgis på bakgrunn av GPS sporlogger og flybilete/topografisk kart. Filformatet som blir brukt i dette arbeidet er Shape. Elles følger digitaliseringa av lokalitetene SOSI-standarden.

Den einaste informasjonskjelda av særleg omfang for det aktuelle undersøkingsområdet var Naturbase (Miljødirektoratet 2015), med dei naturtypane som allereie låg inne. I tillegg kom det fram litt data gjennom Artskart (Artsdatabanken 2015), utan at dette gav særlege utslag i kva som vart prioritert under feltarbeidet.

Under feltarbeidet har det vore samla inn belegg av raudlisteartar og andre regionalt sjeldne artar. Desse vil bli sendt over til Vitskapsmuseet i Trondheim (lav, mosar og karplantar) eller Botanisk museum i Oslo (sopp). Namnebruk for artane er basert på vanleg, gjeldande namnsetting og systematikk for dei ulike artsgruppene.

Feltarbeidet i Surnadal kommune vart gjennomført i form av spreidde turar på hausten, frå byrjinga av august til byrjinga av desember. Det var for det meiste godt kartleggingsver og sjølv den siste turen i desember føregikk i plussgrader utan snø på marka eller frost i bakken.

### 2.2 Verdsetting

På bakgrunn av innsamla data vart det gjort ei vurdering av verdien av lokalitetane. Alle lokalitetar er verdisett etter Miljødirektoratet (2007) sitt system, som deler inn lokalitetane i **viktige (B)** og **svært viktige (A)** område. I tillegg kjem område som er **lokalt viktige (C)**. Verdivurderinga skal grunngjevast.

Det er sett opp 5 kriterium for verdisetting av lokalitetane:

- Storlek og kor godt utforma dei er (verdien aukar med storleiken og kor godt utforma dei er)

- Grad av tekniske inngrep (tekniske inngrep reduserer verdien)
- Førekost av raudlisteartar (verdien aukar med tal og kor truga artane er)
- Preg av kontinuitet (verdien aukar med miljøet sin alder)
- Sjeldsynte utformingar (nasjonalt og regionalt)

For dei naturtypane som har fått nye faktaark gjennom revisjonsprosessen er den nye verdisettingsmetoden brukt. For kvar naturtype er det ein eigen verdisettingsmatrise som gjev grunnlag for kva kriterium som skal vektleggast og korleis. Dette gjeld naturtypane sakteflytande elveløp, strandeng, kystlynghei, naturbeitemark, slåttemark, tresett kulturmark, rikare sump- og kjeldeskog og oseanisk nedbørsmyr.

Førekost av raudlisteartar er ofte eit vesentlig kriterium for å verdisette ein lokalitet, både etter gammal og ny metodikk. Nyaste norsk raudliste kom hausten 2010 (Kålås m.fl. 2010), og Den Internasjonale Naturvernorganisasjonen (IUCN) sine kriterium for raudlisting av artar (IUCN 2005) er der brukt som grunnlag. Dei ulike raudlistekategoriane med rangering og forkortinger er (med engelsk namn i parentes) :

- RE – Regionalt utrydda (Regionally Extinct)
- CR – Kritisk trua (Critically Endangered)
- EN – Sterkt trua (Endangered)
- VU – Sårbar (Vulnerable)
- NT – Nær trua (Near Threatened)
- DD – Datamangel (Data Deficient)

Elles blir det vist til Kålås m.fl. (2010) for nærmere forklaring av inndeling, metodar og utval av artar for den norske raudlista. Der er det også kortfatta gjort reie for kva for miljø artane lever i og viktige typar trugsmål.

I 2011 kom også norsk raudliste for naturtypar (Lindgaard & Henriksen 2011), som i hovudsak er basert på grunntypar i det nye kartleggingssystemet Naturtypar i Noreg (NiN). Her nyttar ein same kategoriar som i raudliste for artar. Raudlistestatus for naturtypen vil også ha ein påverknad på verdisettinga av lokalitetar.

Norsk svarteliste for artar vart først presentert i 2007 (Gederaas m.fl. 2007). I samband med dette vart det for første gong i Noreg gjennomført ei risikovurdering av framande artar, og i alt 217 av 2483 kjente framande organismar i Noreg vart vurdert. I 2012 vart ein ny svarteliste publisert (Gederaas m.fl. 2012) der ein brukar ein ny og oppdatert metodikk for risikovurdering. Artane vart fordelt på fem kategoriar:

- SE – Svært høg risiko (Artar som har ein sterk negativ effekt på norsk natur)
- HI – Høg risiko (Artar med stor spreiing, og med ein viss økologisk effekt eller stor økologisk effekt med en avgrensa spreiing)
- PH – Potensielt høg risiko (Artar med svært avgrensa spreiingsevne, men stor økologisk effekt – eller omvendt)
- LO – Låg risiko (Artar med låg risiko har låg eller moderat spreiing og middels til svake økologiske effektar)
- NK – Ingen kjend risiko (Artar utan kjend spreiing og ingen kjende økologiske effektar)

Kvar naturtypelokalitet skal ha ein omtale som følgjer ei spesifisert oppbygning. Omtalen skal vere oversiktleg, kort, konsis og forvaltingsretta, og vere delt inn etter følgjande overskrifter:

*Innleiing:* Her kan det leggjast inn opplysningar om i kva samanheng kartlegginga er gjort, kva som er gjort tidlegare, om den nye omtalen supplerer eller erstattar tidlegare omtaler og liknande.

*Lokalisering og naturgrunnlag:* Her forklarar ein geografisk lokalisering m.m., dersom det er behov for supplerande opplysningar til kartet. Kor nøyaktig er avgrensinga? Sistnemnde kan variere, både som følge av kartleggingsmetodikk og naturgitte årsaker, og det bør skiljast mellom desse to faktorane. Dersom det er lagt inn buffersone skal denne omtalast her. Sjå også kapittel 5.4.2 om lokalisetsavgrensing i DN-handbok 13.

Viktige topografiske og geologiske forhold som ikkje går fram av kartet omtalast, i tillegg til viktige naturgitte faktorar som påverkar økosystemet sin stabilitet (t.d. skogbrann, flaum, nedbør/luftråme, vind).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Supplerande opplysningar om naturtypar, utformingar og mosaikk skal omtalast her, i tillegg til supplerande opplysningar om truga vegetasjonstypar og evt. andre viktige vegetasjonstypar. Om naturtypar/vegetasjonstypar som ikkje er prioriterte er inkludert, skal dette nemnast og grunngjenvast (t.d. av årsakar knytt til arrondering).

*Artsmangfald:* Typiske/karakteristiske artar må nemnast. I skog bør ein nemne alle treslag og mengdeforholda deira. Elles bør typiske og eventuelt dominerande artar nemnast. I tillegg nemnast andre artar som seier noko om forholda på staden. Alle sjeldsynte, kravfulle og raudlista artar skal listast opp med tal/mengde og funnhistorikk.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Utfyllande opplysningar om tilstand, dagens bruk, inngrep, andre påverknadsfaktorar og historikk. Kor stor og kva slags menneskeskapt påverknad er det? Korleis har det vore? Angi gjerne tidspunkt for inngrep og liknande, om det er mogleg. I skog må hogst relatert til førekomsten av gamle, levande og døde tre, inkludert ei historisk vurdering, og grad av kontinuitet. For våtmark/vassdrag må forureining og vasstandsmanipulering nemnast. For myr er grøfting og slått viktig. For kulturlandskap må tilstand (hevd) og bruk omtalast i tillegg til andre påverknadsfaktorar.

Her nemnast også lokale forhold som kan truge grunnlaget for verdien til lokaliteten, men ikkje generelle trugsmål. Det held å nemne forhold som konkret er registrert i felt (t. d. attgroing, nedbygging, grøfting) eller som er kjent på annan måte.

*Framande artar:* Førekomst av framande artar og nødvendige tiltak mot desse omtalast her.

*Skjøtsel og omsyn:* Med skjøtsel meiner vi aktive tiltak for å fremje naturverdiane. Omsyn er passive "tiltak" for å unngå skadelege aktivitetar i lokaliteten, eller visse former for bruk/inngrep som ikkje vesentleg påverkar dei naturverdiane ein vil ta vare på. Eventuelle konkrete forslag nemnast. Dersom det er nødvendig å ta spesielle omsyn utanfor lokaliteten bør det nemnast her.

*Del av heilsakleg landskap:* Dersom naturtypeområde må sjåast i samanheng med andre innanfor eit større areal, skal ein gi opplysningar om dette her. Dette kan vere aktuelt for t.d. kulturtinga naturtypar, lokaliteter kartlagt i samband med frivillig vern, kartlegging av bekkekløfter eller kartlegging for skogvern. Det vil ofte vere aktuelt å vise til aktuelle dokument eller kjelder.

*Verdsetting (obligatorisk!):* Nemn kort kva faktorar som har vore viktigast for verdivurderinga. Usikkerhet i høve til verdien bør nemnast. Moglege utviklingstrekk som støttar verdivalet nemnast.

## 2.3 Forklaring av ord og uttrykk

Naturmangfaldlova definerer i §3 ein del ord og uttrykk som det er nyttig å kjenne til: "I denne lov forstås med

- a) art: etter biologiske kriterier bestemte grupper av levende organismer;
- b) bestand: en gruppe individer av samme art som lever innenfor et avgrenset område til samme tid;
- c) biologisk mangfold: mangfoldet av økosystemer, arter og genetiske variasjoner innenfor artene, og de økologiske sammenhengene mellom disse komponentene;
- d) dyr: pattedyr, fugler, krypdyr, amfibier, fisk og virvelløse dyr;
- e) fremmed organisme: en organisme som ikke hører til noen art eller bestand som forekommer naturlig på stedet;
- f) genetisk materiale: gener og annet arvemateriale i ethvert biologisk materiale, som kan overføres til andre organismer med eller uten hjelp av teknologi, likevel ikke genetisk materiale fra mennesker;
- g) høsting: jakt, fangst, fiske og innsamling av planter eller plantedeler (medregnet bær og frukter) og sopp, i friluftsliv og næring;
- h) innførsel: krysning av grense på land mot nabostat eller islandføring fra områder utenfor lovens virkeområde;
- i) naturmangfold: biologisk mangfold, landskapsmessig mangfold og geologisk mangfold, som ikke i det alt vesentlige er et resultat av menneskers påvirkning;
- j) naturtype: ensartet type natur som omfatter alle levende organismer og de miljøfaktorene som virker der, eller spesielle typer naturforekomster som dammer, åkerholmer eller lignende, samt spesielle typer geologiske forekomster;
- k) organisme: enkeltindivid av planter, dyr, sopp og mikroorganismer, inkludert alle deler som er i stand til å formere seg eller overføre genetisk materiale;
- l) planter: karplanter, moser og alger;
- m) sopp: sopp og lav;
- n) system der rømming ikke er utelukket;
- o) uttak: enhver form for avliving eller fjerning av hele eller deler av organismer fra naturen uansett formål;
- p) vilt: naturlig viltlevende landpattedyr, fugler, krypdyr og amfibier;
- q) virvelløse dyr: dyr uten ryggsøyle;
- r) økologisk funksjonsområde: område – med avgrensing som kan endre seg over tid – som oppfyller en økologisk funksjon for en art, slik som gyteområde, oppvekstområde, larvedriftsområde, vandrings- og trekkuter, beiteområde, hiområde, myte- eller hårfellingsområde, overnattingsområde, spill- eller parringsområde, trekkevei, yngleområde, overvinteringsområde og leveområde;
- s) økologisk tilstand: status og utvikling for funksjoner, struktur og produktivitet i en naturtypes lokaliteter sett i lys av aktuelle påvirkningsfaktorer;
- t) økosystem: et mer eller mindre velavgrenset og ensartet natursystem der samfunn av planter, dyr, sopp og mikroorganismer fungerer i samspill innbyrdes og med det ikke-levende miljøet."

# 3 VERDIFULLE NATURYPAR

---

## 3.1 Eksisterande kunnskap

Surnadal kommune har fått utført naturypekartlegging i fleire omganger, dels spreidd over heile kommunen og dels meir avgrensa spesialprosjekt. Den fyrste, viktige kommunale kartlegginga vart gjort av Vitskapsmuseet ved Egil I. Aune (2005) for 10 år sidan, der samanstilling av eksisterande kunnskap var ein viktig del av prosjektet. Han har også ei gjennomgang av naturgrunnlaget i kommunen. Sidan det har vårt firma utført supplement i to omganger (Gaarder & Stenberg 2009, Gaarder m.fl. 2011). Eit anna viktig supplement var bekkekløftundersøkingane for nokre år sidan (Blindheim m.fl. 2009). I tillegg kjem diverse mindre prosjekt, som kartlegging av rik edellauvskog og ulike småkraftutgreiingar. Samla sett er det prat om ein del ulike kjelder og etter kvart ganske mykje data. Heldigvis er Fylkesmannen i Møre og Romsdal blant dei beste i landet til å oppdatere Naturbase med ny, relevant informasjon etter kvart som den kjem fram, slik at den gjev eit ganske dekkande bilet av kva som er kjent av viktige naturypar i kommunen.


## 3.2 Kvalitetssikring av gamle naturypar

Ei viktig side ved kartleggingane i 2014 var å få nye undersøkingar av nokre store og truleg dårleg avgrensa og dokumenterte skogsmiljø. Slike var det særleg nokre av inne i Todalen, samt at det låg ein stor kalkskog oppe på Nordmarka. Samla sett var det prat om at ein handfull av desse lokalitetane vart oppsøkt og undersøkt på nytt dette året.


Resultata bør vise tydeleg at vurderingane på førehand frå Fylkesmannen om kvaliteten på grensene her var korrekte. Det vart gjort til dels store endringar i avgrensing, i fyrste rekje reduksjon i areala. Likevel vart det også funne verdifulle naturmiljø og til dels høge naturverdiar innanfor områda, så det var heller ingen tvil om at det var bra områda har vore fanga opp. Problemet låg i fyrste rekje i at det byrja å bli noko gamle og sparsame data, og at grensene var alt for grovt trekt. Framleis står det nok att einskilde lokalitetar i kommunen med såpass grove grenser at dei helst burde ha vore sjekka opp att, m.a. ein skoglokalitet på sørsida av Todalen. Dei dårlegaste lokalitetane vert likevel fjerna med denne revisjonen.

Ut over desse så vart det også sjekka noko tilfeldig opp ytterlegare eit par lokalitetar, ei naturbeitemark på Nordmarka og ein gammal lauvskog i Vinnddøldalen. Berre små forbeteringar kom som følgje av det nye arbeidet på desse plassane.


I tabell 1 under er resultata frå reinventinga summert kort opp, med korte kommentarar til kva som har skjedd med kvar lokalitet. Fyrst kjem likevel fire oversiktskart med alle kartlagde lokalitetar (unntake lokaleit 663 på Øvre Myrleit i Stangvika).




Figur 1 Kart der undersøkte naturtypelokalitetar i 2014 i Surnadal kommune er vist med nummer og farge, medan omriss av gamle lokalitetar er vist med grøn strek. Kartet dekker austre delar av kommunen, med eit par lokalitetar på Nordmørka i nord, nokre nede i hovudalføret og nokre i og rundt nedre delar av Vindøldalen.



Figur 2 Kart der undersøkte naturtypelokalitetar i 2014 i Surnadal kommune er vist med nummer og farge, medan omriss av gamle lokalitetar er vist med grøn strek. Kartet dekker sentral delar av kommunen, der eit par område nær kommunesenteret på Skei vart fanga opp.



Figur 3 Kart der undersøkte naturtypelokalitetar i 2014 i Surnadal kommune er vist med nummer og farge, medan omriss av gamle lokalitetar er vist med grøn strek. Kartet dekker nordre delar av kommunen, der eit par lokalitetar på Hjelmen heilt i nord vart registrert.



Figur 4 Kart der undersøkte naturtypelokalitetar i 2014 i Surnadal kommune er vist med nummer og farge, medan omriss av gamle lokalitetar er vist med grøn strek. Kartet dekker Todalen i sørlege delar av kommunen, med fleire lokalitetar som vart reinventert og nokre nye funne i hovuddalføret.

Tabell 1 Oversikt over lokalitetar i Surnadal kommune som vart revidert i 2014. Lokal ID er det same nummeret som ein finn i faktaarket. Namn på naturturtype er hovudnaturtype i tilfelle der det er snakk om mosaikk.

Lokal ID	Naturbase nr.	Namn	Naturtype	Merknader
402	BN00018111	Telesbøsetra	Naturbeite-mark	Mindre revisjon av tidlegare lokalitet, med små endringar i avgrensing og same verdi som før (C).
484	BN00018127	Damtjønna sør	Kalkbarskog	Del av tidlegare stor lokalitet som no er sterkt redusert i samla areal og splitt i to mindre lokalitetar. Verdien er også redusert til B.
664	BN00018127	Damtjønna nord	Kalkskog med boreale lauvtre	Del av tidlegare stor lokalitet som no er sterkt redusert i samla areal og splitt i to mindre lokalitetar. Verdien er også redusert til B.
494	BN00018141	Romålia	Rik edellaув-skog	Del av tidlegare stor lokalitet der berre dette mindre partiet i sør no er vidareført. Verdi som før (B).
453	BN00018148	Kleivlia	Gammal edellaув-skog	Del av tidlegare stor lokalitet som no er redusert i samla areal og splitta i tre mindre. Verdien er derimot heva frå B til A.
676	BN00018148	Engjavad-berget	Rik edellaув-skog	Del av tidlegare stor lokalitet som no er redusert i samla areal og splitta i tre mindre, der denne er berre ein liten førekost. Verdi som før (B).
677	BN00018148	Ramsøy nord	Rik edellaув-skog	Del av tidlegare stor lokalitet som no er redusert i samla areal og splitta i tre mindre. Verdien er derimot heva frå B til A.
454	BN00018149	Lauvålia	Rik edellaув-skog	Del av tidlegare stor lokalitet der berre dette mindre partiet no er vidareført. Verdi likevel heva frå C til B no.
426	BN00018156	Hjelmen: Lithjelmen	Rik fastmark i fjellet	Del av tidlegare stor lokalitet som no er sterkt redusert i samla areal, der berre to små restmiljø i sørvest er vidareført med same verdi som før (C).
660	BN00018156	Hjelmen: Litfjellet	Rik fastmark i fjellet	Del av tidlegare stor lokalitet som no er sterkt redusert i samla areal, der berre to små restmiljø i sørvest er vidareført med same verdi som før (C).
661	BN00018178	Høgbakkan aust	Gammal edellaув-skog	Del av tidlegare litt større lokalitet som no i tillegg er splitta i to delområde. Verdien er derimot heva frå B til A.
498	BN00018178	Høgbakkan	Gammal edellaув-skog	Del av tidlegare litt større lokalitet som no i tillegg er splitta i to delområde. Verdien er derimot heva frå B til A.
552	BN00050582	Vinddøla: Vinddølfløin nord	Gammal boreal lauv-skog	Gammal lokalitet som no har fått noko auka areal som følgje av grundigare undersøkingar. Verdi som før (A).

### 3.3 Nye undersøkingar

Det vart òg gjennomført noko nykartlegging i Surnadal kommune i 2013, i tillegg til kvalitetssikringa. Det er naturleg at ein kjem over einskilde nye lokalitetar når ein er ute og kartlegg, og desse er i stor grad også teke med i rapporteringa.

Til saman vart det registrert 21 nye naturtypelokalitetar. Talet er vesentleg høgare enn planlagt, dels som følgje av at anna feltarbeid gjekk meir effektivt enn forventa og dels fordi det framleis viste seg ganske enkelt å finne nye, verdifulle lokalitetar i Surnadal. Ni forskjellige naturtypar vart registrert; naturbeitemark (1), rik edellauvskog (4), flaummarkskog (4), gammal boreal lauvskog (2), gammal edellauvskog (3), kroksjø/flaumdam/meanderande elveparti (2), rik fastmark i fjellet (1), store gamle tre (2) og ope flaummark (2). Viktigaste hovudnaturtype, men også av våtmarkstilknyta miljø vart det funne fleire lokalitetar.

Berre ein ny A-lokalitet vart funne, og det var ei beitemark i Stangvika. Elles vart det mest B-lokalitetar (15) og nokre med C-verdi (5). Sjølv om samla tal naturtypelokalitetar i Surnadal no ligg rundt 300 og kan virke ganske høgt, så viser nok kartlegginga i 2014 at det enno ikkje er særleg vanskeleg å finne nye, verdifulle miljø her. Det reelle talet med ei god dekning ville nok helst ligge over 1000. Det er nok ikkje minst rike fjellparti og litt avsidesliggjande rikmyrer som kan gje grunnlag for stor auke i talet, men registreringane i 2014 viser også at det enno står att mykje i låglandet, nær busetnad, vegar og folk. Fleire nye lokalitetar langs Surna er eit godt døme på dette.

Ei kortfatta oppsummering av resultata av nykartlegginga i 2014 er vist i tabell 2.



Figur 5 Flaummarksmiljø langs Surna ved Skei. Lokaliteten er variert med både flaummarkskog, mudderbankar med pusleplanter og elveøyryer med grasenger og er heilt opplagt av stor naturverdi. Likevel har han ikkje vore kartlagt før, sjølv om den ligg rett ved kommunesenteret og er lett synleg. Den gjev difor ein god dokumentasjon på kor mangelfulle naturtypekartleggingane i Surnadal framleis er, og at kommunen bør vere svært varsam med å tillate nye inngrep utan gode miljøundersøkingar på førehand. Foto: Geir Gaarder

Tabell 2 Oversikt over lokalitetar i Surnadal kommune som vart kartlagt for fyste gong i 2014. Lokal ID er det same nummeret som ein finn i faktaarket. Naturtype og utforming er hovudnaturtype og hovudutforming i tilfelle der det er snakk om mosaikk.

Lokal ID	Namn	Naturtype/ utforming	Verdi	Areal
659	Hjelmen: Almbekkvatnet sør	Rik fastmark i fjellet	C	3
662	Romålia nedre	Store gamle tre	B	1
663	Stangvik: Øvre Myrleet	Naturbeitemark	A	9
665	Gråknollen: Bleikhammaren	Rik edellauvskog	B	19
666	Lauvåa vest	Rik edellauvskog	B	35
667	Røv: Bekkerholmen	Flommarkskog	B	65
668	Røv: Småøyen	Flommarkskog	B	21
669	Skei nordvest	Flommarkskog	B	38
670	Litløya	Åpen flommark	B	53
671	Vassendøya	Kroksjø, flomdam og meandrerende elveparti	C	14
672	Mogstad aust - kroksjø	Kroksjø, flomdam og meandrerende elveparti	C	3
673	Mogstad sør	Flommarkskog	B	90
674	Mogstad øst	Gammel edellauvskog	B	13
675	Holten: Vidøra	Åpen flommark	B	22
678	Skrøåbekken ved Ramsøy	Store gamle tre	B	1
679	Øykjemmaren	Rik edellauvskog	C	2
680	Taløyen: Fjøslibekken	Gammel edellauvskog	B	6
681	Mausetsætra nord	Gammel boreal lauvskog	B	26
682	Bankaren nordaust	Gammel boreal lauvskog	B	43
683	Grønhallet vest	Rik edellauvskog	C	20
684	Grønhallet	Gammel edellauvskog	B	34
		21 lokalitetar		

## 4 RAUDLISTEARTAR


---

Eit sok på Artskart (Artsdatabanken 2015) viser at det er gjort 5384 funn av raudlisteartar i Surnadal kommune tidlegare. Dette inkluderer også fugl og andre virveldyr, men når en tek vekk dei (46 amfibiefunn, 3 fisk, 4292 fugl og 280 pattedyr), så står ein likevel att med 764 funn. Desse er fordelt på (med tal artar i parentes); 254 karplantar (27, men nokre er innførte eller feil, som storvendelrot, mosesildre, blåbringebær og trollnype), 24 mosar (4), 328 lav (26), 134 sopp (28), 2 blautdyr (2), 3 veps (3), 3 tovingar (1), 2 sommarfuglar (2), 2 døgnfluger mv., og 11 billearter (6). I alt er det prat om vel 100 ulike artar.

Under feltarbeidet i 2014 gjorde vi i alt 82 funn av 23 ulike artar. Det vart med andre ord ei auke på vel 10% i tal raudlistefunn utanom virveldyr for kommunen. Dette er eit resultat vi må seie oss nøgde med, også fordi det var ein ganske dårlig soppesong i 2014. Dei fleste artane er godt kjent i kommunen frå før, men fleire har berre eit til to tidlegare funn og to artar er nye for kommunen. Dette var lurvesøtpigg, ein markbuande piggsopp som veks i lag med furu i helst noko kalkrik skog. Arten vart funne i ein liten kalkfuruskog oppe på Nordmarka. Den har mange tidlegare funn i fylket og det kan verke litt tilfeldig at den ikkje har vore registrert i Surnadal tidlegare. Ser ein på Norgeskartet så er likevel lokaliteten i Surnadal litt preg av utpost mot nordaust, da den er svært sjeldsynt i Trøndelag.



Figur 6 Vekseplassen for lurvesøtpigg *Bankera fuligineoalba* (NT) på lokalitet 484 Damtjønna nord på Nordmarka. Arten stod her i sørskråninga der kalkryggen startar og det samtidig er grunnlendt mark med lite humus. Foto: Geir Gaarder.



Tilrettelagt: Artsdatabanken og GBIF-Norge - 2012

Tilrettelagt: Artsdatabanken og GBIF-Norge - 2012

Figur 7 Nasjonalt utbreiingskart for lurvesøtpigg til venstre og kanelandskjue til høgre basert på Artskart (Artsdatabanken 2015), der dei nye funna i Surnadal er vist med stor blå prikk.

Den store overraskinga stod derimot ei lita kjuke for. Inne i Todalen vart den markbuande kjuka kanelandskjuke *Coltricia cinnamomea* (VU) funne på to stader nokre hundre meter frå kvarandre i rik edellauvskog (lokalitet 498 Høgbakkan og 661 Høgbakkan aust). Dette er ein varmekjær art som helst veks i rik edellauvskog og som i Noreg tidlegare berre er funne knapt ein ti-tals plassar på sørlege Austlandet samt ein gong ved Steinkjer i Nord-Trøndelag. Dei to funna vi gjorde er med andre ord ikkje berre nye for Surnadal, men også dei første både i Møre og Romsdal og for Vestlandet samla sett.



Figur 8 På denne bergknausen (til venstre) på lokalitet 494 Romålia i Todalen vart raudlistearten olivenlav (NT) (til høgre) funne, saman med m.a. rund porelav, ein oseanisk art som er sjeldan så langt inn i landet (UTM sone 32, 488414, 6963407). Foto: Ulrike Hanssen



Figur 9 Bildet viser ein nokså sparsam førekommst av bleikdoggål (NT) på gammal alm, som vart funnen på lokalitet 494 Romålia. Foto: Ulrike Hanssen



Figur 10 Biletet viser indigoraudspore (NT) som her vart funne på ein gråor-stubbe nedanfor Romålia (UTM sone 32, 488305, 6963041). Mangel på andre raudlisteartar og få andre viktige element førte til at det berre er teke belegg av arten og registrert som eit punktfunn av ein raudlisteart. Nokon naturtypelokalitet er derimot ikkje laga her. Foto: Ulrike Hanssen

Tabell 3 Oversikt over nye funn av raudlistearter gjort i samband med feltarbeidet i Surnadal kommune i 2014. Lokalitets-tala samsvarar med tala i faktaarkene for lokalitetane.

Norsk namn	Vitskapeleg namn	Status	Førekomst i lokalitet
<b>Karplanter</b>			
Ask	<i>Fraxinus excelsior</i>	NT	494
Alm	<i>Ulmus glabra</i>	NT	453, 454, 484, 494, 498, 661, 662, 665, 666, 667, 668, 669, 674, 675, 676, 677, 678, 680, 683, 684
<b>Lav</b>			
Langnål	<i>Chaneotheca gracillima</i>	NT	552, 681
Olivenlav	<i>Fuscopannaria mediterranea</i>	NT	494, 498
Bleik kraterlav	<i>Gyalecta flotowii</i>	VU	453, 498
Almelav	<i>Gyalecta ulmi</i>	NT	453, 494, 498, 661, 662, 666, 674, 676, 677, 678, 680, 684
Rustdoggnål	<i>Sclerophora coniophaea</i>	NT	498
Blådoggnål	<i>Sclerophora farinacea</i>	VU	453, 494, 498, 661, 674, 677, 684
Bleikdoggnål	<i>Sclerophora pallida</i>	NT	453, 454, 666, 677, 678, 680, 684
<b>Mosar</b>			
Fakkeltvibladmose	<i>Scapania apiculata</i>	VU	552
<b>Sopp</b>			
Skrukkeøyre	<i>Auricularia mesenterica</i>	NT	453, 661, 684
Lurvesøtpigg	<i>Bankera fuligineoalba</i>	NT	484
Gulbrun narrevokssopp	<i>Camarophyllopsis schulzeri</i>	NT	663
Kanelandskjuke	<i>Colltricia cinnamomea</i>	VU	498, 661
Svartblå raudspore	<i>Entoloma chalybaeum</i>	NT	663
Indigoraudspore	<i>Entoloma euchroum</i>	NT	Utanfor lokalitet i Todalen
-	<i>Entoloma pseudocoelestinum</i>	VU	663
Skaftjordstjerne	<i>Geastrum pectinatum</i>	NT	661
Raudnande lutvokssopp	<i>Hygrocybe ingrata</i>	VU	663
Almebroddsopp	<i>Hymenochaete ulmicola</i>	VU	680

Norsk namn	Vitskapeleg namn	Status	Førekomst i lokalitet
Almekullsopp	<i>Hypoxylon vogesiacum</i>	NT	453, 494, 498, 662, 666, 674, 683, 684
Narrepiggsopp	<i>Kavinia himantia</i>	NT	453, 494, 498, 661, 665, 677, 678, 680
Vedalgekölle	<i>Multiclavula mucida</i>	NT	680
<b>SUM</b>	23 arter		82 funn



Figur 11 Skaftjordstjerne *Geastrum pectinatum* (NT) funne på strø under gammal alm på lokalitet 661 Høgbakkan aust, ikkje langt frå der kanelsandkjuka vart registrert. Skaftjordstjerne er også ein søraustleg og kalkrevjande art, men denne soppen er så vidt funne tidlegare i fylket og da ute i kalkområdet på nordsida av Surnadalsfjorden, i Gartlia, samt nyleg også i Fræna kommune. Foto: Geir Gaarder.



Figur 12 Almelåg på lokalitet 674 Mogstad aust med fleire fruktlekamar av almekullsopp *Hypoxylon vogesiacum* (fiolette, avlange), samt eit par meir klumpete og svarte eksemplar av *Chlorostoma vestlandicum* (det nedre eksemplaret er skore over og viser den karakteristiske gulraude fargen). Sistnemnde vart publisert som ny for vitskapen så seint som i 2014 og er hittil berre kjent frå Vestlandet. Den er nok ein opplagt kandidat for ei ny raudliste og Surnadal kommune ser ut til å ha nokre av dei viktigaste og største førekomenstane av arten som hittil er kjent. Foto: Geir Gaarder.

# 5 UTFORDRINGAR FOR FORVALTNINGA

---

Det er mange utfordringar knytt til forvaltning av naturen. Ein reiskap som gjer forvaltinga enklare er kartlegging av viktige naturverdiar, slik at ein har mest mogleg informasjon om kva ein forvaltar, og kvar dei mest verdifulle områda finst. Men sjølv om naturtypar er kartlagde, er det mange faktorar som trugar dei. Det er óg viktig å vite noko om kva som trugar ulike naturtypar, slik at ein gjennom skjøtsel eller anna tilpassing kan forvalte lokalitetane på ein god måte.

## 5.1 Framande artar

Gjennom feltarbeidet i Surnadal i 2014 vart fleire forvaltingsmessige utfordringar registrert i naturtypelokalitetane som vart kartlagt. Framande artar var ein av dei. Dette er eit tema som har fått aukande fokus nasjonalt dei seinare åra, og det er utarbeidd ei svarteliste (Gederaas m.fl. 2012) over artar som ikkje er heimehøyrande i Noreg, med ei vurdering av kor stort trugsmål dei enkelte artane utgjer mot norsk natur og artsmangfald (sjå kap. 2.2 for meir informasjon om dette). I samband med feltarbeidet i Surnadal vart artar som platanlønn (SE), rynkerose (SE), kjempespringfrø (SE) og hagelupin (SE) observert, både i og utanfor naturtypelokalitetar. I tillegg kjem også norsk gran som er å rekne som ei framand art i Surnadal ut frå dei nasjonale og internasjonale definisjonane på slike, sjølv om arten er naturleg heimehøyrande så nær som i nabokommunen Rindal.

Alle desse artane er aggressive planter som heilt kan fortrenge den stadeigne floraen der dei får godt fotfeste. Og i Surnadal har dei alle fleire stader fått dette! Det er nok å kjøre oppover langs riksveg 70 i hovuddalføret og sjå på elveøyranne langs Surna, der hagelupin mange stader dannar samanhengande belte. Desse elveøyranne har m.a. tidlegare hatt ein artsrik fauna med elvebredds-insekt. Inkludert her var elvesandjeger, ei bille som er både nasjonalt og internasjonalt truga og som det er laga ein eigen handlingsplan for å ta vare på. No er det lenge sidan arten helst forsvann frå Surnadal og vassdragsreguleringar og elveforbyggingar er utvilsamt årsaken til det. Hagelupinen fører likevel til at noko håp om å få denne sjeldsynte og vakre billa attende til kommunen er det lita von i, og det er nok også fleire andre truga insektartar som står i fare for å forsvinne som følgje av at hagelupinen tek over meir og meir av elveøyrene.

Platanlønn er ein annan stor trussel, som fleire stader i Surnadal er i ferd med å ta heilt overhand i rike lauvskogsmiljø, sjå m.a. biletet under. Treslaget presser da ut naturlege artar som alm, selje og rogn og fører til ein meir skuggefull skog der store mengder gamle blad på skogbotnen stadvis fører til at meste med av markvegetasjonen også vert borte.



Figur 13 Skog dominert av platanlønn (status svært høg risiko – SE i Noreg) ved Høghallet aust for Mogstad. Her har dette innførte treslaget teke heilt overhand og er i ferd med å fortrenge dei fleste naturlege lauvtreartane som elles burde vekse her, inkludert raudlistearten alm. Omfattande spreieing av platanlønn utgjør eit stort og aukande trugsmål mot det biologiske mangfaldet i Surnadal kommune og dette går særleg ut over dei artsrike edellauvskogane. Merk dei store mengdene med bladverk på skogbotnen og kor lite planter som veks der! Foto: Geir Gaarder

Det er viktig å vere klar over at den nasjonale svartelista berre tek for seg artar som ikkje er heime-høyrande i Noreg. Definisjonen av ein framand art er derimot ikkje knytt til landegrensar, men til økologiske grenser. Den internasjonale definisjonen (sjå m.a. Gederaas m.fl. 2012) er; *"fremmede arter er arter, underarter eller lavere taxa som har fått menneskets hjelp til å spre seg utenfor sitt naturlige utbredelsesområde og spredningspotensial"*. Dette inneber m.a. at norsk gran, som er planta i stort omfang i Surnadal kommune, er å rekne som ein framand art her. Sjølv om arten finst naturleg så tett inntil som i Rindal, så har omrent all gran i Surnadal kome dit med hjelp frå folk og da vert den også å rekne som framand der. At arten i løpet av nokre hundre år truleg ville ha kome hit naturleg endrar ikkje på dette. Det er mogeleg nokre synes dette er merkeleg og vel firkanta, men vi må m.a. hugse på at artsmangfaldet ikkje bryr seg om juridiske eller administrative grenser, på godt og vondt. Om vi menneske heile tida skulle manipulere med regelverk og miljøet slik det passar best for kvar einskild i augneblikket, så tapar vi alle på det. Det er berre å sjå på den internasjonale klimadebatten for å skjøne det. Norsk gran er difor eit like alvorleg og negativt problem for naturmangfaldet i Surnadal som platanlønn og andre artar som kjem frå utlandet.



Figur 14 Delar av Kleivlia i Todalen. Dette er eit typisk døme på ei liside mange stader i Surnadal. Tette og artsfattige granplantefelt dominerer i dei nedre, mest produktive delane, medan det er att ein stadeigen artsrik, blandingsskog med furu og ulike lauvtreslag lenger oppe. Sjølv om totalarealet med grandominert skog enno ikkje er så veldig høg i kommunen, er det einskilde skogsmiljø som er særskilt hardt råka. I tillegg er grana i full spreiing og fortrenger i aukande grad det stadeigne artsmangfaldet. Foto: Geir Gaarder.

## 5.2 Overbeiting av hjort

Det er mange som er glad for dei store hjortestammene vi har på Møre, m.a. i Surnadal. Dei gir mykje kjøtt, grunnlag for spanande jakt og fine naturopplevingar. Nokre er nok også mindre glad for så mykje dyr, når dei får skade på enga, rundballar eller synes det vert for mykje flått (om da det er hjort eller andre årsaker til det). Og for naturmangfaldet utgjer alle dyra eit alvorleg trugsmål mot mange av dei mest sjeldsynte, truga og internasjonalt mest bevaringsverdige artane som Surnadal har å vise til! Årsaken er at hjorten i periodar på vinteren kan beite svært hardt på alm og da ikke berre tek kvister og små skot, men gjerne ringbarkar heile tre. Dette går hardast ut over unge og middelaldrande tre, men også gamle tre har svært ofte skader etter hjortegnag. No vert alma gammal og dei største naturverdiane er knytt til dei gamle trea, men når omtrent all ung og middelaldrande er borte frå store delar av kommunen vert dette eit aukande problem. Det hender også at dyra klarer å drepe store og ganske gamle tre og uansett vert det ikkje lenger nyrekuttering av slike. Dette er særleg alvorleg for artsmangfaldet sidan mange sjeldsynte og truga artar berre veks på alm (nokre er helt knytt til alm over heile sitt utbreiingsområde, for andre gjeld det berre på t.d. Vestlandet). Og sidan almesjuken byrja å herje over det meste av Europa, der omtrent berre Vestlandet ser ut til å gå fri, så har denne landsdelen fått eit stort og aukande internasjonalt ansvar for å ta vare på gamle almetre med tilhøyrande artsmangfald. Surnadal er faktisk ein av dei viktigaste kommunane med størst førekommstar av slike tre. Om hjorten får lov til å herje slik den har gjort med almeskogen i nyare tid her, så vil det ikkje vere så mange år til før vi må skrive om dette til at Surnadal var ein viktig kommune.




Figur 15 Rik edellauvskog aust for Mogstad med eit ganske stort almetre som er nesten drepen av hjort. Litt lenger aust i same li vart det funne edellauvskog med mykje almelæger, men nesten ikkje eit levande tre! Her er hjorten, saman med skogsdrift og spreiling av platanlønn i ferd med å endre artsrike, biologisk svært verdifulle edellauvskogar til noko som er mykje meir artsfattig og med liten naturverdi. Foto: Geir Gaarder.

### 5.3 Kunnskapsnivå og forvaltningspraksis

Det finst ulike metodar for å kartlegge og ta vare på naturmangfaldet, og i praksis utgjer naturtypekartlegginga etter DN-handbok 13 ein klar konkurrent til skogbruket sin MiS-registrering. Målet er i all hovudsak det same, men resultata har vist seg å sprike til dels sterkt mange stader, av ulike årsakar. Den viktigaste grunnen til skilnadane ser ut til å vere kvaliteten på kartleggingane. Nokre stader har naturtypekartlegginga vore alt for grov eller lite omfattande, andre stader ser det ut til å vere MiS-registrantane som har feila. Noko av målsettinga med naturtypekartlegginga i Surnadal i 2014 var nettopp å sjå kritisk på einskilde gamle lokalitetar som verka noko därleg dokumentert og unøyaktig avgrensa. Vi har da også i praksis konkludert med at det var riktig. Vi fann alle stader ein del naturverdiar, men oftast vart dei gamle, store områda splitta opp og redusert vesentleg i areal. Gamle grenser var alt for unøyaktig trekt og fanga opp mykje skog utan særleg synleg naturverdi (inkludert både store granplantefelt, ungskog og fattig, ordinær bjørkeskog).

No byrjar nok kvaliteten på det meste av naturtypedata under skoggrensa i kommunen å bli ganske god, sjølv om det opplagt framleis vil vere grunnlag for å gjere merkbare betringar av eksisterande lokalitetar. I Surnadal har ein derimot framleis eit stort problem med at skogbruket sine kartleggingar er av ein uvanleg därleg kvalitet. Dette er teke opp og dokumentert tidlegare (sjå Gaarder & Steinberg 2009), og erfaringane frå 2014 stadfestar framleis dette inntrykket. Riktig nok vart det i 2014 funne verdifulle naturtypar tilknytt MiS-figurar, unntaksvis også med liknande grenser, men

det var mykje vanlegare å finne verdifulle skogsmiljø som ikkje var fanga opp i MiS. Og desse hadde typisk nok diverre også ofte mykje større naturverdi enn MiS-figurane. Begge delar er i samsvar med tidlegare erfaringar. Problemet er særleg alvorleg fordi skogbruket har vist seg lite viljuge til å bruke betre naturtypedata, sjølv om desse er betre dokumenterte og av høgare kvalitet enn MiS-data. Det er grunn til å frykte at ein slik praksis også vert nytta i nokon grad i Surnadal. Og da er faren stor for at grunneigarar, medvetne eller ikkje, kan øydeleggje store, dokumenterte naturverdiar når dei høgg skog til ved eller tømmer.



Figur 16 Todalen i Surnadal, med nye naturtypelokalitetar vist med fiolett farge, gamle (og enno relevante) med raud farge og MiS-figurar med stipla, mørk strek. Som ein ser er det berre fanga opp nokre få MiS-miljø i dalføret og berre eit par av desse ligg innanfor registrerte naturtypar, samtidig som naturtypane dekker mykje større areal. Om Surnadal kommune vel å basere si skogforvaltning berre på MiS-data og ikkje tek omsyn til naturtypedata så vil det innebere ein stor fare for at mange og høge naturverdiar vert forringa eller går heilt tapt i framtida, og noko berekraftig skogbruk kan ein ikkje rekne det som.

## 6 KUNNSKAPSGRUNNLAG OG OPPFØLGJANDE ARBEID

---

Gaarder m.fl. (2011) gav eit oversyn over kunnskapen om naturtypar i Surnadal kommune, inkludert et eige kart over dekningsgraden. Dette kartet står i all hovudsak ved lag også etter feltarbeidet i 2014. Nokre små parti på vestsida av Hjelmen lengst nordvest i kommunen kan nok no graderast opp til middels godt dekt. Nesten alt anna av undersøkingar dette året vart gjort innanfor areal som på førehand vart rekna som middels godt dekt.

Dekninga har sjølv sagt vorte betre innanfor desse områda, som dei sørverndte lisidene i Todalen og midtre og nedre delar av hovuddalføret i Surnadal. Det er likevel grunn til å trekke fram perspektiva gitt i referatet til Gaarder m.fl. (2011): "*Med disse supplerende naturtypeundersøkelsene vurderes under tvil det meste av lavlandet i kommunen å ha middels god dekningsgrad. Det må likevel understrekkes at datagrunnlag gir flere tydelige indikasjoner på at det enda står igjen betydelige verdier som ikke er kartlagt i dalfører og fjordljer i kommunen,...*". Registreringane i 2014 har med andre ord i fyrste rekke gjort at det er meir hald i den usikre vurderinga frå 2011. Resultata viser at "middels godt dekt" ikkje inneber anna enn at det er høge sjansar for å gjere merkbare betringar også innanfor desse areala.

Samanlikna med vurderingane som vart gjort i 2011, der det m.a. vart framheva trangen for betre dekning av flaummark og elveører langs Surna, samt potensial for meir rik og gammal edellauvskog, så er det klart at registreringane i 2014 har gjeve viktige supplement. Framleis står det nok att fleire flaummarksogar langs elva og einskilde mindre elveører, men nokre av dei viktigaste vart nok fanga opp i dette året. Det vart også funne eit par nye edellauvskogar, samt ikkje minst betre avgrensa og dokumentert nokre tidlegare kjente førekomstar. Det er nok likevel enno att meir av også denne skogtypen å finne i kommunen. Det vart også påpekt i 2011 få kjente lokalitetar med naturbeitemark og slåtteeng. Ein og anna lokalitet har kome til etter den tid, også gjennom undersøkingane sist år, så statusen har betre seg eit lite hakk. Konklusjonen frå 2011 står seg nok likevel enno for desse naturtypane.

Samla sett er det framleis grunn til å rekne kommunen som middels godt dekt, og generelt åtvare mot større arealbruksendringar utan grundige undersøkingar på førehand. Samtidig er det i aukande grad klart at kommunen må sette inn store ressursar på å betre tilstanden til mange verdifulle naturmiljø, gjennom å stogge spreilinga av framande plantearter og få redusert hjortestamma.

## 7 KJELDER

---

Artsdatabanken 2015. Artkart. <http://artskart.artsdatabanken.no/>

Aune, E. I. 2005. Kartlegging av biologisk mangfold (naturtypar i Surnadal kommune. NTNU Vi-tensk.mus. Rapp. Bot. Ser. 2005-1: 1-52..

Blindheim, T., Gaarder, G., Hofton, T. H., Klepsland, J. T. og Reiso, S. 2009. Naturfaglige registreringer av bekkekløfter i Buskerud, Telemark, Aust-Agder, Vest-Agder og Møre og Romsdal i 2007. BioFokus-rapport 2009-28.

Direktoratet for naturforvaltning 2007. Kartlegging av naturtyper. Verdisetting av biologisk mangfold. DN-håndbok 13, 2. utgave 2007: 1-258 + vedlegg.

Direktoratet for naturforvaltning 2014. Naturbase dokumentasjon. Biologisk mangfold. Arealis-prosjektet. Internett: <http://dnweb12.dirnat.no/nbinnsyn/>

Gaarder, G. & Stenberg, I. 2009. Biologisk mangfold i Surnadal kommune. Supplerande natur-typekartlegging. Miljøfaglig Utredning Rapport 2009-33: 1-28 + vedlegg.

Gaarder, G., Flynn, K. M. & Hanssen, U. 2011. Supplerende naturtypekartlegging i Surnadal kommune. Miljøfaglig Utredning Rapport 2011:22: 1-19 + vedlegg.

Gederaas, L., Salvesen, I. og Viken, Å. (red.) 2007. Norsk svarteliste 2007 – Økologiske risikovurderinger av fremmede arter 2007. Artsdatabanken, Norway.

Gederaas, L., Moen, T.L., Skjelseth, S. & Larsen, L.-K. (red.) 2012. Fremmede arter i Norge – med norsk svarteliste 2012. Artsdatabanken, Trondheim.

IUCN 2005. Guidelines for using the IUCN Red List categories and criteria. April 2005.  
[www.iucn.org/webfiles/doc/SSC/RedList/RedListGuidelines.pdf](http://www.iucn.org/webfiles/doc/SSC/RedList/RedListGuidelines.pdf)

Kålås, J. A., Viken, Å., Henriksen, S. & Skjelseth, S. (red.). 2010. Norsk rødliste for arter 2010. Artsdatabanken, Norge.

Miljødirektoratet 2015. Naturbase. [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no)

Miljøverndepartementet 2001. St.meld. nr. 42 (2000-2001). Biologisk mangfold. Sektoransvar og samordning. 220 s.

Miljøverndepartementet 2010. Lovdata fra Norsk Lovtidend: Forskrift om konsekvensutredninger: <http://www.lovdata.no/cgi-wifit/Idles?doc=/sf/sf/sf-20050401-0276.html>

Moen, A. 1998. Nasjonalatlas for Norge. Vegetasjon. Statens kartverk, Hønefoss.

## 8 VEDLEGG - NATURTYPEOMTALAR

---

På dei nedste sidene kjem utsnitt med faktaark teke ut frå Natur2000 der alle lokalitetane er lagt inn, med kartutsnitt og einskilde bilde frå lokalitetane i små format.



## Naturtyperegistreringer

**Naturtype:** Naturbeitemark  
**Utforming:** Rik beiteeng  
**Mosaikk:**  
**Feltsjekk:** 27.09.2014 (siste)

## Beskrivelse

**Innledning:** Skildringa er lagt inn av Geir Gaarder, Miljøfaglig Utredning, 15.12.2014, med grunnlag i eige feltarbeid 27.09.2014. Kartlegginga er gjort i samband med supplerande naturtypekartlegging i Møre og Romsdal på oppdrag for Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Lokaliteten vart undersøkt for vel 20 år sidan av Jordal & Gaarder (1993) og lagt inn i Naturbase (ID BN00018111). Lokaliteten er no revidert og har fått oppdatert skildring i samsvar med ny mal.

**Beliggenhet og naturgrunnlag:** Lokaliteten ligg på Nordmarka, på nordvestsida av Andersvatnet. Det er prat om ein liten setervoll i ei sørvendt li. Berggrunnen er ganske kalkrik (helst grønskifer eller glimmerskifer her), noko som gjev potensial for litt krevjande artar. Lokaliteten grenser mot veg i nedkant og elles litt gradvis mot bjørkeskog, der attgroing nok er medverkande til litt reduksjon av arealet i vest samanlikna med Jordal & Gaarder (1993, 1995) si kartlegging. Ei hyttetomt er inkludert i lokaliteten for å få ei grei arrondering (men sjølve husa og opparbeidd areal

inntil er utan særleg interesse).

**Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper:** Det er nok for ein del frisk mark her. Truleg er det mest svak lågurtmark og kanskje noko lågurtmark, men attgroingspreget er med å gjøre vurderinga noko usikker.

**Artsmangfold:** Jordal & Gaarder (1993) fann m.a. gulfotvokssopp (NT) her, samt også engvokssopp, skjør vokssopp, gul vokssopp, kjeglevokssopp og honningvokssopp. Det vart ikkje påvist spesielt krevjande artar i 2014, berre så vidt ein vanleg beitemarksopp som skjør vokssopp, engvokssopp og krittvokssopp og naturengplantar som gulaks, finnskjegg og tepperot.

**Bruk, tilstand og påvirkning:** Jordal & Gaarder (1993) fann at lokaliteten i 1994 var beita av sau og i god hevd. Det er nok framleis beitande husdyr som er innom her i 2014, men få og engene er i full attgroing og ber også preg av å ha vore det nokre år. Om engene har vore gjødsla før er usikkert, men mest truleg har dei ikkje vore det.

**Fremmede arter:** Ingen observert.

**Del av helhetlig landskap:** Det finst framleis att til dels svært verdifulle kulturlandskapsmiljø med naturbeitemarker og slåtteenger nokre stader på Nordmarka, helst i fyrste rekke mot aust.

**Vegetasjon:** Fjelltimotei-seterrapp-utf (G4c)

**Verdivurdering:** Med grunnlag i faktaark frå våren 2014 får lokaliteten låg vekt på kjenneteiknande artar og raudlisteartar, medan det vert høg vekt på storleik (4 da) og låg vekt på tilstand. Samla sett vert verdien lokalt viktig - C oppretthalden.

**Skjøtsel og hensyn:** Naturverdiane vil gå tapt i løpet av nokre år om ikkje hevden med beite og/eller slått vert teken opp att. Gjødsling og forstyrring av marksjiktet vil fort vere svært skadeleg. Litt rydding av tre og kratt, særleg i kantsonar er ein fordel.


## Litteratur

Aune, E. I. 2005. Kartlegging av biologisk mangfold (naturtypar) i Surnadal kommune. NTNU Vitenskap.mus. Rapp. bot. Ser. 2005-1: 1-52.

Jordal, J.B. & Gaarder, G. 1995b. Biologiske undersøkingar i kulturlandskapet i Møre og Romsdal i 1994. Planter og sopp i naturbeitemarker og naturenger. *Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Landbruksavd. Rapport 2-95:* 1-95.

Jordal, J.B. & Gaaarder, G. 1993. Soppfloraen i ein del naturbeitemarker og naturenger i Møre og Romsdal og Trøndelag. *Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernnavd. Rapp. 9-1993:* 1-76.

Omtalt lokalitet er den nordlegaste av desse tre.



## Naturtyperegistreringer

**Naturtype:** Rik fastmark i fjellet

**Utforming:** Rik rabbe

**Mosaikk:**

**Feltsjekk:** 02.08.2014 (siste)

## Beskrivelse

**Innledning:** Skildringa er lagt inn av Geir Gaarder, Miljøfaglig Utredning, 13.12.2014, med grunnlag i eige feltarbeid 02.08.2014 saman med Røy Langåker og Astrid Øye. Rapporteringa gjort i samband med supplerande naturtypekartlegging i Møre og Romsdal på oppdrag for Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Lokaliteten har vore ein del av ein tidlegare stor naturbaselokalitet kalla Hjelmen (NaturbaseID BN00018156), registrert under fyrste gongs naturtypekartlegging i kommunen (Aune 2005). Han viser der til undersøkingar av Hjelmstad (1983) og ikkje minst krysslister av m.a. Asbjørn Moen frå 25.08.1999 (TRH), men problemet med begge kjeldene er at dei er grove og det meste kan vanskeleg tilbakeførast til dei konkrete, avgrensa kalkrike areala rundt Hjelmen (men eit knippe funn er ført inn med "Hjelmen, i v" og ein tek her sjansen på at dette var her). Dei vert difor ikkje vidareført her. John Bjarne Jordal (pers. meld.) har derimot truleg meir presise data, kanskje også frå denne lokaliteten (frå 1990-talet?), men dei er ikkje framskaffa i prosjektet. Ein vel difor her å lage to nye, små lokalitetar vest på Hjelmen og tilrå at den gamle store lokaliteten som inneheldt mykje fattig fjellhei vert erstatta med denne nye.

**Beliggenhet og naturgrunnlag:** Lokaliteten ligg i nordvestre del av kommunen, nær grensa mot Halsa, og på austsida av vegen over til Halsa, på nedre delar av ein vestvendt fjellrygg på fjellet

Lok. nr. 426 Hjelmen: Litlhjelmen forts.

Hjelmen. Her er det nokre berghamrar og rabber med tydeleg rik vegetasjon. Det er mest fattig gneis i dette landskapet, men også eit belte med meir kalkrik glimmerskifer, og denne lokaliteten ligg tydelegvis innanfor dette beltet.

**Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper:** Her er det mest kalkrik fjellvegetasjon typisk for rabber og dels berghamre.

**Artsmangfold:** Aune (2005) skriv at: "Samlingsdata (herbariebelegg og krysslister) viser at Hjelmen har område med kalkrevjande fjellflora, både rabbevegetasjon og rike kjeldesig og myr. Dei rikaste områda er truleg kring Litlhjelmen som ligg ca. 300 m SV for øvste toppen. Dei belegga som er lagde inn i karplantebasen, er samla mellom 600 og 800 moh., dei fleste i den nedre delen." Under feltarbeidet i 2014 vart følgjande artar notert: Reinrose, fjellsmelle, bergstorr, setermjelt, flekkmure, rynkevier, marinykel, gulssildre, raudsildre, fjelltistel, fjellfrøstjerne, labbmose, svartstorr, fjellarve, grønbuknne, grønkurle og bjørnebrodd. Det er nok potensial for nokre fleire krevjande artar her.

**Bruk, tilstand og påvirkning:** Sau beitar enno i dette landskapet, og helst også litt her. Ein noko bruk tursti går gjennom lokaliteten opp til toppen av fjellet og fører lokalt til noko slitasje.

**Fremmede arter:** Ingen observert.

**Del av helhetlig landskap:** Det er spreidd innslag av kalkrik fjellvegetasjon i desse grensefjella mellom Halsa og Surnadal.

**Vegetasjon:** Reinrose-gras-lavrabb (R3)

Rikmyrvegetasjon (M)

Rikkilde (N2)

**Verdivurdering:** Med grunnlag i faktaark frå våren 2014 oppnår lokaliteten låg vekt på arts Mangfold, låg til middels vekt på variasjon og middels på storleik (28 daa) og tilstand. Dette gjev samla sett verdien lokalt viktig - C.

**Skjøtsel og hensyn:** Det beste for naturverdiane er å la lokaliteten få ligge i fred for fysiske inngrep. Noko beite og trakk går helst bra, men det bør nok ikkje vere så mykje meir ferdsel enn no.

### Artsliste for lokaliteten

Totalt 30 art(er) påvist: fjell-lodnebregne, bleikvier, musøre, ullvier, rynkevier, ullanve, brearve, setersmårve, bergfrue, reinrose, flekkmure, setermjelt, fjelløyentrøst, fjellveronika ssp. alpina, setermjølke, myrmjølke, kattefot, fjellbakkestjerne, setergråurt, fjellpryd, grønnkurle, tvillingsiv, trillingsiv ssp. triglumis, seterstarr var. brunnescens, rypestarr, blankstarr, hundekvein, fjellkvein, blårapp, lundrapp.


### Litteratur

Askvik, H. & Rokoengen, K. 1985. *Geologisk kart over Norge, berggrunnskart Kristiansund - 1:250 000*. Norges geologiske undersøkelse.

Aune, E. I. 2005. Kartlegging av biologisk mangfold (naturtypar) i Surnadal kommune. NTNU Vitenskap.mus. Rapp. bot. Ser. 2005-1: 1-52.

Hjelmstad, R. 1983. (Norsk Botanisk Forening. Trøndelagsavdelingen. Ekskursjoner 1982). 29. august. Dagsekskursjon til Hjelmen-området i Halsa/Surnadal i Møre og Romsdal. *Blyttia* 41: 81-82.

Omtalt lokalitet er vist med rød strek i aust (stor lokalitet), medan grøn skravur viser gamle grenser. Blå prikker er funn av raudlisterarter og andre krevfulle arter under feltarbeidet i 2014. Finlett clinke linje er hurruta



## Naturtyperegistreringer

**Naturtype:** Gammel edellauvskog

**Utforming:** Gammel almeskog

**Mosaikk:** Totalt 4 naturtype(r) registrert: Gammel edellauvskog F02 - Gammel almeskog F0206 (60%), Rik edellauvskog F01 - Rasmark- og ravine-almeskog F0116 (40%), Gammel boreal lauvskog F07 - Gammel lauvblandingsskog F0116 (30%), Ur og rasmark B10 - Intermediær ur og rasmark B1002 (10%).

**Feltsjekk:** 13.11.2014 (siste)

## Beskrivelse

**Innledning:** Skildringa er lagt inn av Geir Gaarder, Miljøfaglig Utredning, 17.12.2014, med grunnlag i eige feltarbeid 13.11.2014. Kartlegginga er gjort i samband med supplerande naturtypekartlegging i Møre og Romsdal på oppdrag for Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Dette har tidlegare vore ein del av ein stor lokalitet registrert som rik edellauvskog i Naturbase (ID BN00018148 - med namn "Halalia") avgrensa av Aune (2005). Lokaliteten er no revidert og avgrensinga vesentleg redusert og delt opp, der omtalt, avgrensa parti i aust vert ein ny lokalitet. Helst er dette ein sentral del av den gamle lokaliteten til Aune (2005), men det er vanskeleg å føre nokre av funna hans til akkurat dette området.

**Beliggenhet og naturgrunnlag:** Lokaliteten ligg inne i Todalen, i den sørvestende lia noko sør aust

for garden Ramsøya, under berghamrane til Romålihøgdene. Den vert avgrensa av desse mot nordaust, mot fattigare skog i nord og dels sør. I nedkant (sørvest) er det dels grense mot granplantefelt, men i fyrste rekke litt gradvis grense mot fattigare skog.

**Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper:** Lokaliteten har ein god del stabilisert, skogkledt rasmark med høgstaudevegetasjon (anslag 30%), men det også litt open ur og høgstaudeenger her (anslag 20%) og litt fattigare blokkmarkskog med storbregner, småbregner mv (anslag 40%). Berre små areal med lågurtskog (anslag vel 5%).

**Artsmangfold:** Alm (NT) er eit viktig treslag (20-25%), men stadvis er det også mykje gråor, bjørk, hegg, selje og dels rogn. I tillegg finst noko hassel, osp og furu (kanskje 10%). Feltsjiktet er frodig og stadvis er det ein del av varmekjære artar som kjempesvingel, skogfaks, sanikel, myske, junkerbregne og dels lodneperikum. I tillegg m.a. brunrot. Aune (2005) nemner også andre artar frå lia, som piggstorr, lerkespore og krattslirekne, og det kan godt vere at desse også veks her. Størst interesse knytter seg nok likevel til artar av sopp og lav på gamle og dels daude tre, særleg av alm. Det vart gjort fleire funn av krevjande slike artar i lia, særleg i parti lengst søraust og midtre og nordre delar, med både almelav (NT) (dels bra med denne), bleik kraterlav (VU), blådoggnål (VU), bleikdoggnål (NT), narrepiggssopp (NT), almekullsopp (NT) og skrukkeøre (NT). Også funn av artar som rustkjuke og skjelkjuke på daud alm. I tillegg kjem noko lungeneversamfunn på trea, særleg med lungenever, skrubbenever, kystvrenge, vanleg blåfiltlav, grynfiltlav og vrenge-artar, men lokalt også sølvnever. Potensialet for fleire krevjande og raudlista artar knytt til gammal, rik lauvskog er ganske høgt.

**Bruk, tilstand og påvirkning:** Skogen er for det meste i ein gammalskogsfase. Mengder med daudt trevirke er sjeldan særleg høgt, men finst spreidd. Det er til dels grove og gamle tre av ulike treslag her, og særleg er det grunn til å trekke fram alma, med fleire ti-tals grove og dels innhole tre innanfor lokaliteten (ganske sikkert over 50 slike tre). Litt gnageskader etter hjort på alma, men ikkje så ille som ein del andre plassar.

**Fremmede arter:** Det er planta gran i nærleiken, og den har så vidt spreidd seg inn i området. Det same gjeld platanlønn.

**Del av helhetlig landskap:** Det er ein del edellauvskog i dei sørvestlige lisidane i Todalen, der avgrensa lokaliteten utgjer ein viktig del av dette nettverket.

**Vegetasjon:** Alm-lindeskog (D4)

Gråor-almeskog (D5)

**Verdivurdering:** Med grunnlag i faktaark frå hausten 2014 får lokaliteten høg vekt på storleik (125 da), høg vekt på raudlisteartar og middels på tilstand. Dette gjev samla sett verdien svært viktig - A. Vedrien er dermed sett opp samanlikna med Aune (2005) si vurdering, der særleg raudlistefunn og vektlegging av gamle almetre nok er ein viktig årsak.

**Skjøtsel og hensyn:** Framande treslag bør fjernast. Elles er det beste om lokaliteten får ligge i fred for inngrep. Det er svært viktig å unngå at hjorten vert stående i lia om vinteren og beiter på alma.

### Artstiliste for lokaliteten

Totalt 18 art(er) påvist: , junkerbregne, humle, krattslirekne, kratthumleblom, skogbjørnebær, svarterteknapp, lodneperikum, åkerforglemmegei, kransmynte, småengkall ssp. minor, sanikel, skogsalat, bredflangre, piggstarr ssp. muricata, skogfaks, hundekveke var. caninus, kjempesvingel, krattlodnegras.

### Litteratur


Aune, E. I. 2005. Kartlegging av biologisk mangfald (naturtypar) i Surnadal kommune. NTNU Vitenskap.mus. Rapp. bot. Ser. 2005-1: 1-52.

Bugge, O.-A. 1993. Utkast til verneplan for edellauvskog i Møre og Romsdal. *Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernnavd. Rapp. 10-1992: 1-117.*

*Lok. nr. 453 Kleivlia forts.*

- Melby, M.W. & Gaarder, G. 2000. Verdier i Toåa, Surnadal kommune i Møre og Romsdal.  
*Direktoratet for naturforvaltning VVV-rapport 2000-25*: 1-46, 7 kart, 1 pl. + 60 s. vedlegg.  
Vold, L.E. 1981. Flora og vegetasjon i Toåas nedbørfelt, Møre og Romsdal og Sør-Trøndelag. *K. norske Vidensk. Selsk. Mus. Rapp. bot. Ser. 1981-10*: 1-58.

Omtala lokalitet er den austre av desse tre. Blå prikker er funnsteder for krevjande og deis raudlistaa artar. Grøn farge viser tillegare grense.



## Naturtyperegistreringer

- Naturtype:** Rik edellauvskog  
**Utforming:** Rasmark- og ravine-almeskog  
**Mosaikk:**  
**Feltsjekk:** 15.10.2014 (siste)

## Beskrivelse

**Innledning:** Skildringa er lagt inn av Geir Gaarder, Miljøfaglig Utredning, 15.12.2014, med grunnlag i eige feltarbeid 27.09.2014. Kartlegginga er gjort i samband med supplerande naturtypekartlegging i Møre og Romsdal på oppdrag for Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Aune (2005) har avgrense eit stort skogsområde her som er lagt inn i Naturbase (Lauvålia, ID BN00018149), men har lite informasjon om området (det vert vist til både Vold 1981 og Melby & Gaarder 2000). Omtalen av den sterkt reviderte lokaliteten er difor berre bygd på kartlegginga i 2014.

**Beliggenhet og naturgrunnlag:** Lokaliteten ligg i Todalen, oppe i lia aust for kyrkja, ovanfor Øygarden. Mykje av lia er planta til med gran og/eller er noko fattig, men her er eit rikare, så nokonlunde intakt parti. Lokaliteten er for det meste avgrensa mot fattigare skog i både aust, vest og nord, medan det er yngre skog inntil enden på ein attgroande traktorveg i nedkant. Grensene

verker ganske skarpe. Berggrunnen er i utgangspunktet ganske kalkfattig.

**Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper:** Lokaliteten har mest lågurtskog (anslag 50%) og høgstaudemark (ca 50%).

**Artsmangfold:** Aune (2005) nemner skogbjørnebær for lokaliteten, men det er nok i så tilfelle innanfor ein annan del av skogslia. I 2014 var det registrert at det var ein del hassel her, innslag av bjørk, rogn og selje, samt at det vart sett to almetre (NT) og det er sparsamt med furu. Feltsjiktet er lokalt ganske rikt, med artar som breiflangre, svarteknapp (ein del), vårerteknapp, myske, skogfaks, lundgrønaks, lodneperikum, kjempesvingel og sanikel. I tillegg typiske høgstauder som skogsvinerot og storklokke. Elles vart bleidognål (NT) funne inne i ei innhol alm. Lite frå lungenever-samfunnet, men lungenever finst. Det er potensial for fleire kravfulle artar her.

**Bruk, tilstand og påvirkning:** Det meste av skogen er nok berre i aldersfase som følgje av tidlegare hogst, men i det minste ei grov, innhol alm finst her.

**Fremmede arter:** Platanlønn finst og er i spreiing innanfor lokaliteten.

**Del av helhetlig landskap:** I dei sørvestlige lisidene frå denne lokaliteten og nokre kilometer mot aust er det jamnt med rik og dels gammal edellauvskog i Todalen.

**Verdivurdering:** Med grunnlag i faktaark frå våren 2014 får lokaliteten høg vekt på storleik (18 daa), middels vekt på kjenneteiknande artar og låg vekt på raudlisteartar, middels vekt på framande artar og middels for påverknad og låg på habitatkvalitet. Samla sett gjev dette verdien viktig - B.

**Skjøtsel og hensyn:** Framande artar som platanlønn bør snarast fjernast frå lokaliteten og nærområdet til ho. Elles er det beste å la den få ligge i fred, men ein må passe på så ikkje hjortestammen vert så høg at dyra byrjar å beite ned almen (noko del alt gjer i kommunen).

### **Artsliste for lokaliteten**

Totalt 3 art(er) påvist: lerkespore, skogbjørnebær, trollhegg.

### **Litteratur**


Aune, E. I. 2005. Kartlegging av biologisk mangfold (naturtypar) i Surnadal kommune. NTNU Vitenskap.mus. Rapp. bot. Ser. 2005-1: 1-52.

Melby, M.W. & Gaarder, G. 2000. Verdier i Toåa, Surnadal kommune i Møre og Romsdal.

*Direktoratet for naturforvaltning VVV-rapport 2000-25: 1-46, 7 kart, 1 pl. + 60 s. vedlegg.*

Vold, L.E. 1981. Flora og vegetasjon i Toåas nedbørfelt, Møre og Romsdal og Sør-Trøndelag. *K. norske Vidensk. Selsk. Mus. Rapp. bot. Ser. 1981-10: 1-58.*

Omtala lokalitet er den sørlege av desse to. Blå prikkar er funnsteder for krevjande arter. Grøn farge viser delar av gammal lokalitet.



## Naturtyperegistreringer

**Naturtype:** Kalkbarskog

**Utforming:** Urterik kalkfuruskog

**Mosaikk:** Totalt 5 naturtype(r) registrert: Kalkbarskog F16 - Urterik kalkfuruskog F1601 (20%), Åpen kalkmark B13 - Kalkberg utenfor Oslofeltet B1303 (10%), Kalkskog med boreale lauvtrær F24 - Kalkbjørkeskog på marmor B1303 (10%), Rik edellauvskog F01 - Gråor-almeskog B1303 (30%), Rik barskog F17 - Lågurtfuruskog B1303 (10%).

**Feltsjekk:** 27.09.2014 (siste)

## Beskrivelse

**Innledning:** Skildringa er lagt inn av Geir Gaarder, Miljøfaglig Utredning, 15.12.2014, med grunnlag i eige feltarbeid 27.09.2014. Kartlegginga er gjort i samband med supplerande naturtypekartlegging i Møre og Romsdal på oppdrag for Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Dette har tidlegare vore ein del av ein stor lokalitet registrert som kalkskog i Naturbase (ID BN00018127 - med namn V for Høgmyran naturreservat) avgrensa av Aune (2005). Lokaliteten er no revidert og avgrensinga vesentleg redusert, sjølv om eit lite parti også på nordsida av Damtjønna er skilt ut no. Delar av tidlegare skildring er inkludert her framleis.

**Beliggenhet og naturgrunnlag:** Lokaliteten ligg på Nordmarka, sør for Geitøyvatnet i austre del

Lok. nr. 484 Damtjønna sør forts.

av Surnadalssida. Det er prat på ein markert, hovudsakleg aust-vest-gåande rygg som tydeleg er bygd opp av kalkstein. Lokaliteten er for det meste skarpt avgrensa mot fattigare mark (dels bakkemyr) på tre kantar, men litt usikker mot gradvis fattigare skogsmark i sør.

**Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper:** Her er det tydeleg kalkspatmarmor, men klimaet fører til at det berrre er mindre, grunnlendte parti i øvre delar av lia vendt mot sør at ein får inn ein del typiske artar knytt til slike miljø. Det er nok for det meste snakk om ein fuktskog, der grensa mellom kalkskog og lågurtskog er vanskeleg å trekke. I parti er det også open, grunnlendt kalkmark her (ca 10% av arealet), samt at det går over i høgstaudeskog nedover i lisida mot sør (medan det fort blir for mykje humus og dermed meir ordinær småbregne/storbregnemark på nordsida).

**Artsmangfold:** Det er noko glissen furuskog (vel 20% dekning) på toppen og på nordsida, medan det er meir dominert av bjørk mot sør, og nedover i lia kjem også m.a. gråor, hegg, selje og rogn inn. Også einskilde hasselkratt og almetre (NT) nede i lia. Aune (2005) skriv for det gamle store området at det er særslig artsrikt, med førekost av store areal med reinrose og mykje raudflangre. Ved vitjinga i 2014 var både artane attfunnen, men reinrose berre sparsamt heilt i austkant og raudflangre var heller ikkje lenger særleg vanleg, men veks jamnt på dei mest grunnlendte partia. Elles er det grunn til å trekke fram funn av lurvesøtpigg (NT), ein litt kalkrevjande sopp, heilt i vest, samt oppe på toppen artar som galleslørsopp og reddikmusseronger. Det er potensial for fleire krevjande artar av sopp her. Nede i lia veks m.a. skogstorr og myske. Oppe på toppen typiske artar som liljekonvall og teibær samt grønbukne på kalkberg. Litt lungenever-samfunn på lauvtre, med m.a. lungenever.

**Bruk, tilstand og påvirkning:** Det er prat om furu i gammelskogsfase, med lite gadd og læger og nokre stubber som berre var få ti-år gamle. Lauvskogen er for det meste småvaksen og verkar ikkje særleg gammal. Med etterhald om at det kan vere andre kalkryggar i området rundt som ikkje var sett under vitjinga i 2014 kan det sjå ut som om reinrosa har gått sterkt attende fra lokaliteten i nyare tid og at det helst også gjeld andre artar. Hovudårsaken er nok då attgroing som følgje av redusert beitettrykk av husdyr og kanskje slått, noko mykje småvaksne lauvtre kan tyde på.

**Fremmede arter:** På søraustsida av ryggen er det eit granplantefelt, inkludert innanfor det som har vore ein del av kalkskogen tidlegare.

**Del av helhetlig landskap:** Det er nokre kalkryggar med tilhøyrande krevjande flora på Nordmarka, men ikkje mange og dette har kanskje vore rekna som den viktigaste før.

**Verdivurdering:** Med grunnlag i faktaark frå våren 2014 får lokaliteten høg vekt på storleik (i det minste ut frå ei samla vurdering, låg vekt på artsmanfald, middels vekt på påverknad og habitatkvalitetar. Dette gjev samla sett verdien viktig - B.

**Skjøtsel og hensyn:** Granplantinga er øydeleggjande for naturverdiane der den ligg, og vil nok også redusere verdiande sterkt nær inntil når/om trea veks opp. Det kan også sjå ut som om attgroing her eit stort trugsmål, i det minste av lauvkratt. Auka beite, helst av storfe er nok svært positivt. Brann kan vere positivt for å ta vekk humus, men har helst aldri vore ein særleg relevant faktor i dette landskapet.


### Artsliste for lokaliteten

Totalt 5 art(er) påvist: soleinøkkerose, reinrose, krattfiol, fjelltistel, rødfangre.

### Litteratur

Aune, E. I. 2005. Kartlegging av biologisk mangfald (naturtypar) i Surnadal kommune. NTNU Vitenskap.mus. Rapp. bot. Ser. 2005-1: 1-52.

Omtalt lokalitet er vist med rød strek i vest, medan grøn skavur viser gamle grenser. Blå prikker er funn av raudlistearter og andre krevfulle arter under feltarbeidet i 2014. Finlett område linje er høyrikt



## Naturtyperegistreringer

**Naturtype:** Rik edellauvskog  
**Utforming:** Lågurt-hasselkratt  
**Mosaikk:**  
**Feltsjekk:** 06.09.2014 (siste)

## Beskrivelse

**Innledning:** Skildringa er lagt inn av Geir Gaarder, Miljøfaglig Utredning, 13.12.2014, med grunnlag i eige feltarbeid 06.09.2014 saman med Ulrike Hanssen. Kartlegginga er gjort i samband med supplerande naturtypekartlegging i Møre og Romsdal på oppdrag for Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Dette har vore ein del av ein tidlegare større naturtypelokalitet i Naturbase (BN00018141), med grunnlag i Aune (2005) sin naturtyperapport, som i neste omgang bygger på Melby & Gaarder (2000) og Vold (1981). Denne er no revidert og vidareført i denne lokaliteten, med stor reduksjon i arealet, dels som følge av omfattande plantefelt og dels fattigare skog lenger opp i dalen. Nokre meir konkrete funn frå den nye lokaliteten er ikkje kjent frå dei gamle kjeldane.

**Beliggenhet og naturgrunnlag:** Lokaliteten ligg litt inne i Todalen, i den sørvestlige lia på vestsida av der Romådalen kjem ut i hovuddalføret. Det er dels innslag av bergvegger her, dels litt preg av skogkledt rasmark, men også meir vanleg bratt skogsli. Lokaliteten grenser dels mot skogsveg i

nedkant, mot bratte berghamarar i vest, mot granplantefelt i aust og meir gradvis mot fattigare skog i nord.

**Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper:** Det er nok mest svak lågurtskog her (anslag 70%), men særleg i sørvest også noko rik lågurskog (anslag 20%), samt lokalt innslag av noko fuktigare mark.

**Artsmangfold:** Boreale lauvtre som bjørk (mest), litt osp, rogn og selje samt furu, men det er også noko hassel og einskilde almetre (NT). Også ask (NT) finst så vidt (helst spreidd får gardsbruksnede i dalen, da arten ikkje verkar stadeigen i dalføret). Feltsjiktet er ikkje særleg rikt over det meste, men i sørvest veks fleire krevjande artar som sanikel, vårerteknapp, kjempesvingel, svarterteknapp, kransmynte, breiflangre, springfrø og skogfaks. I nordaustre delar vart det også funne vårmarihand og lodneperikum, medan myske er meir utbreidd. På gammal alm vart narrepiggsopp (NT), blådoggnål (VU), almelav (NT) og bleikdoggnål (NT) funne i nedre del, og på almelæger vart det gjort fleire funn av almekullsopp (NT). På gammal bjørk vart vinflekklav påvist. Elles var det litt lungenever-samfunn med vanlege artar som lungenever, skrubbenever, grynfiltlav, kystårenever og vrenger på berg og dels lauvtre, samt at det på steinblokk og bergvegg i sørvestre del også vart funne meir kravfulle og sjeldsynte artar som sølvnever, rund porelav og olivenlav (NT) samt blyhinnelav. Det er potensial for fleire krevjande og raudlista artar her, inkludert marklevande sopp i nedre delar.

**Bruk, tilstand og påvirkning:** Skogen er ikkje spesielt gammal, men må reknast å vere i gammalskogsfasen likevel. Det er sparsamt med daudt trevirke og biologisk gamle tre, men eit par grove tidlegare styva almetre veks i nedre delar. Også grove tre av furu, samt einskilde av osp og selje. Hasselkratta i sørvest er til dels kraftige. Ein gammal stølsveg gjennom lokaliteten i nedre delar (oppmurt hesteveg).

**Fremmede arter:** Gran og platanlønn spreier seg her.

**Del av helhetlig landskap:** Todalen har framleis att ein del rik og gammal edellauvskog, sjølv om miljøet har vore i sterkt reduksjon som følgje av granplanting og hjortebeite som drep almetrea.

**Vegetasjon:** Kalklavrurtskog / Kalkskog (Rødlistebetegnelse) (B2)

Gråor-almeskog (D5)

Høystaude-strutseving-utf (C3a)

**Verdivurdering:** Med grunnlag i faktaark frå november 2014 får lokaliteten høg vekt på storleik, middels vekt på raudlisteartar og kjenneteiknande artar, middels på påverknad og habitatkvalitet samt framande artar. Samla sett gjev dette verdien viktig - B, men på grensa mot svært viktig A som følgje av storleiken.

**Skjøtsel og hensyn:** Alle former for hogst av stadeigne treslag vil kunne skade verdiane, men framande treslag som gran og platanlønn bør fjernast både innanfor og i nærlieken av lokaliteten. Ein bør samtidig ikkje ha høgare hjortestammen enn det ikkje vert skade på ståande almetre om vintaren, samt at det også vert forynging av nye almetre.

### Artsliste for lokaliteten

Totalt 3 art(er) påvist: skogbjørnebær, revebjelle, knegras.

### Litteratur


Aune, E. I. 2005. Kartlegging av biologisk mangfold (naturtypar) i Surnadal kommune. NTNU Vitenskap.mus. Rapp. bot. Ser. 2005-1: 1-52.

Melby, M.W. & Gaarder, G. 2000. Verdier i Toåa, Surnadal kommune i Møre og Romsdal.

Direktoratet for naturforvaltning VVV-rapport 2000-25: 1-46, 7 kart, 1 pl. + 60 s. vedlegg.

Vold, L.E. 1981. Flora og vegetasjon i Toåas nedbørfelt, Møre og Romsdal og Sør-Trøndelag. K. norske Vidensk. Selsk. Mus. Rapp. bot. Ser. 1981-10: 1-58.

Omtalt lokalitet er vist med rød strek i midten, medan grøn skravur viser gamle grenser. Blå prikker er funn av raudlistearter og andre krevfulle arter under feltarbeidet i 2014. Finlett linje er hurrutte



## Naturtyperegistreringer

**Naturtype:** Gammel edellauvskog

**Utforming:** Gammel almeskog

**Mosaikk:** Totalt 3 naturtype(r) registrert: Rik edellauvskog F01 - Rasmark-almeskog F0113 (70%), Rik edellauvskog F01 - Lågurt-hasselkratt F0103 (30%), Gammel edellauvskog F02 - Gammel almeskog F0103 (50%).

**Feltsjekk:** 06.09.2014 (siste)

## Beskrivelse

**Innledning:** Skildringa er lagt inn av Geir Gaarder, Miljøfaglig Utredning, 13.12.2014, med grunnlag i eige feltarbeid 06.09.2014 saman med Ulrike Hanssen. Kartlegginga er gjort i samband med supplerande naturtypekartlegging i Møre og Romsdal på oppdrag for Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Dette har vore ein del av ein tidlegare større naturtypelokalitet med namn "Høgbakkan" i Naturbase (BN00018178), med grunnlag i Aune (2005) sin naturtyperapport, som i neste omgang bygger på Melby & Gaarder (2000). Denne er no revidert og vidareført i denne lokaliteten, medan eit parti på austsida er skilt ut som eigen lokalitet (661-Høgbakkan aust).

**Beliggenhet og naturgrunnlag:** Lokaliteten ligg litt inne i Todalen, i den sør vendte lia på austsida av der Romådalen kjem ut i hovuddalføret. Her er det ei bratt li med ein del varmekjær vegetasjon

og avgrensa lokalitet omfattar indre delar av dette arealet. Det er fleire skråstilte, skogkledde flåg her, der denne lokaliteten grenser mot bratte berghamre på austsida, berghamre i nord, dels granplantefelt i sør og fattigare skog i vest.

**Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper:** Det er for det meste høgstaudeprega vegetasjon i lia, men også nokot lågurtskog i parti. Sidan verdiane truleg er høgast knytt til gammal edellauvskog har dette vore førande for typen (sjølv om arealet med rik edellauvskog nok er større).

**Artsmangfold:** Boreale lauvtre som bjørk, rogn og en del selje er nok dominerande treslag, men det er også noko alm (NT) og dels hassel. I tillegg furu i kantsonane samt innslag av osp.

Feltsjiktet er frodig, og fleire varmekjære artar finst, som skogfaks (ein del), myske, vårerteknapp, skogsvingel, humle og breiflangre, elles artar som trollbær, storklokke, kantkonvall, brunrot, bergfrue, turt, tyrihjelm, stornelse, skogsvinerot og kvitsoleie. Av størst interesse er likevel mangfaldet av sopp og lav. På dei gamle almetrea vekst fleire typiske krevjande skorpelav, som bleik kraterlav (VU), blådoggnål (VU) og almelav (NT). Også eit funn av rustdoggnål (NT). Elles artar som lungenever, skrubbenever, grynfiltlav, vanleg blåfiltlav og vrenge-artar registrert på m.a. lauvtre, samt olivenlav (NT) berre på berg ein stad og blyhinnelav eit par stader. I tillegg kjem soppen narrepiggsopp (NT). På daud almeved veks almekullsopp (NT). Førekomsten av markbuande sopp var ikkje spesielt god, men m.a. vart honningvokssopp og blånande rørsopp funne. Mest interessant var nok funnet av kanelsandkjuke (VU) i rikt. lågurtprega parti, ein krevjande markbuande kjukeart som tidlegare berre har vore registrert nokre få stader på Austlandet (arten er m.a.o. ny for fylket og Vestlandet), men som også vart funne på same tur i naboskogen i aust. Under feltarbeidet i 1998 (Melby & Gaarder 2000) vart det også funne kjempesvingel og bleikdoggnål (NT) her. Det er stort potensial for fleire krevjande og raudlista artar her.

**Bruk, tilstand og påvirkning:** Skogen er ganske gammal med både gamle og dels grove tre og noko daudt trevirke. Dette inkluderer fleire almetre med noe grov sprekkebork og holrom i stammene. Ikkje noko særlig synlege skadar etter hjortegnag.

**Fremmede arter:** Gran og platanlønn spreier seg her.

**Del av helhetlig landskap:** Todalen har framleis att ein del rik og gammal edellauvskog, sjølv om miljøet har vore i sterkt reduksjon som følgje av granplanting og hjortebeite som drep almetrea.

**Verdivurdering:** Med grunnlag i faktaark for gammal edellauvskog hausten 2014 får lokaliteten høg vekt på storleik (94 daa), høg vekt på artsmangfald og middels vekt på objektinhald. Samla sett vert difor verdien svært viktig - A.


**Skjøtsel og hensyn:** Alle former for hogst av stadeigne treslag vil kunne skade verdiane, men framande treslag som gran og platanlønn bør fjernast både innanfor og i nærliken av lokaliteten. Ein bør samtidig ikkje ha høgare hjortestammen enn det ikkje vert skade på ståande almetre om vintaren, samt at det også vert forynging av nye almetre.

## Litteratur

Aune, E. I. 2005. Kartlegging av biologisk mangfald (naturtypar) i Surnadal kommune. NTNU Vitenskap.mus. Rapp. bot. Ser. 2005-1: 1-52.

Melby, M.W. & Gaarder, G. 2000. Verdier i Toåa, Surnadal kommune i Møre og Romsdal. Direktoratet for naturforvaltning VVV-rapport 2000-25: 1-46, 7 kart, 1 pl. + 60 s. vedlegg.

Omtala lokalitet er den austre av desse tre. Blå prikkar er funnsteder for krevjande og dels raudlista arter. Grøn farge viser tidlegare grense. Blå stiple streker er MiS-finurter.



## Naturtyperegistreringer

**Naturtype:** Gammel boreal lauvskog

**Utforming:** Gammel grårheggeskog

**Mosaikk:**

**Feltsjekk:** 04.12.2014 (siste)

## Beskrivelse

**Innledning:** Skildringa er lagt inn av Geir Gaarder, Miljøfaglig Utredning, 17.12.2014, med grunnlag i eige feltarbeid 04.12.2014, samt tidlegare eigen kartlegging 18.10.2008 saman med Ingvar Stenberg (Gaarder & Stenberg 2009). Begge kartleggingane er gjort i samband med supplerande naturtypekartlegging i Møre og Romsdal på oppdrag for Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Den ligg inne i Naturbase (BN00050582), men er nå noko utvida mot vest som følgje av grundigare undersøkingar i den rentinga, samt litt i sørlege del, der MiS-undersøkingar har gjeve litt betre grenser (MiS-figur 25467).

**Beliggenhet og naturgrunnlag:** Lokaliteten er skarpt avgrensa mot vegen i sør (dels også fattigare skog i overkant) og elva i nord, litt meir varierande mot fattigare skog i aust og vest, men også ein del granplantefelt i vest. Det er mest glimmerskifer i området, som kan gi opphav til kravfull vegetasjon. Det er ein del lausmassar i denne lia og tydelegvis generelt fuktig mark. Dels

rasmarkspreng opp mot vegen og ned mot elva. Fleire små berghamrar. Eit par små bekker renn gjennom lokaliteten.

**Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper:** Lia har ein nesten overraskande homogen gråorskog, jevnt med rogn, men berre sparsamt innslag av andre lauvtreslag. Nokre stader er det opne høgstaudeenger og generelt dominerer høgstaudevegetasjon. Lokalt er det nok også innslag av kjeldelauvskog, men berre ubetydelege areal.

**Artsmangfold:** Forutan gråor og rogn, finst det også sparsamt med bjørk, hegg, selje (nokre grove tre), osp og småvaksen alm (NT) opp mot vegen. Feltsjiktet er frodig med mykje bregner, men få varmekjære artar. Berre så vidt myske og junkerbregne vart funne, elles meir typiske høgstauder som tyrihjelm, skogsvinerot, storklokke, turt, skogrørkvein, skogstjerneblom og sjølvsagt ein del strutseveng, samt funn av maigull. På gamle lauvtre veks det hist og her kravfulle knappenålslav som rustdoggnål (NT), kystdoggnål (NT), kvithodenål (NT), langnål (NT), dverggullnål og vortenål. Vinflekklav på eit par tre, samt også gammelgranolav. På morkne læger er det gjort einskilde funn av fakkeltvebladmose (VU), pusledraugmose og råteflak. Lungenever-samfunnet er vanleg om enn ikkje særleg artsrikt, med artar som lungenever, skrubbenever, kystfiltlav, grynfiltlav og vanleg blåfiltlav, men både sølvnever og puteglye finst. Eit gammelt hol etter kvitryggspett (NT) vart også funne. Under feltarbeidet i 2014 vart fleire av tidlegare artar attfunne innanfor den austlege delen av området, i tillegg vart det gjort eit par funn av langnål (NT) og eit av fakkeltvebladmose (VU) i den utvida vestre delen.

**Bruk, tilstand og påvirkning:** Skogen er i gammalskogsfase, sjølv om den sikkert har vore ein del utnytta før (yngst opp mot vegen). Daudt trevirke finst spreidd, men sjeldan i store mengder. Det er innslag av morkne læger av ulike treslag, om enn ikkje mykje.

**Fremmede arter:** Gran spreier seg her, men ikkje i stor grad enno.

**Del av helhetlig landskap:** Det er ganske mykje gammal lauvskog i nedre delar av Vinddøldalen, der avgrensa lokaliteten utgjer ein viktig eining.

**Vegetasjon:** Gråor-heggeskog (C3)

**Verdivurdering:** Lokaliteten fekk i 2009 denne vurderinga: Dette er ein av dei største gråor-heggeskogene i lisider i regionen, samtidig som den er vekseplass for fleire nokså kravfulle gammelskogstilknytta artar. Verdien vert difor sett til svært viktig (A). Med grunnlag i faktaark frå hausten 2014 får lokaliteten høg vekt på storleik, høg vekt på arts mangfold (dels som følgje av potensial) og middels vekt på tilstand. Samla sett vert verdien svært viktig - A oppretthalden.

**Skjøtsel og hensyn:** Det beste for naturverdiane vil vere å la området få ligge stort sett i fred. Grna som spreiar seg inn bør fjernast umiddelbart. Skogsdrift kan utgjere eit mogeleg trugsmål (vedhogst da helst). Det same gjeld dumping av masser o.l. frå vegen ovafor.

### Artsliste for lokaliteten

Totalt 22 art(er) påvist: alm (NT), myske, puteglye, brun blæreglye, sølvnever, lungenever, skrubbenever, kystvrenge, grynfiltlav, kystfiltlav, kystårenever, vinflekklav, dverggullnål, vortenål, hvithodenål (NT), langnål (NT), gammelgranolav, rustdoggnål (NT), kystdoggnål (NT), pusledraugmose, råteflak, fakkeltvebladmose (VU).

### Litteratur

Gaarder, G. & Stenberg, I. 2009. Biologisk mangfold i Surnadal kommune. Supplerande naturtypekartlegging. Miljøfaglig Utredning Rapport 2009-33: 1-28 + vedlegg

Omtalt lokalitet er den sørlegaste av desse tre.



## Naturtyperegistreringer

**Naturtype:** Rik fastmark i fjellet

**Utforming:** Rik leside

**Mosaikk:**

**Feltsjekk:** 02.08.2014 (siste)

## Beskrivelse

**Innledning:** Skildringa er lagt inn av Geir Gaarder, Miljøfaglig Utredning, 13.12.2014, med grunnlag i eige feltarbeid 02.08.2014 saman med Røy Langåker og Astrid Øye. Rapporteringa gjort i samband med supplerande naturtypekartlegging i Møre og Romsdal på oppdrag for Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

**Beliggenhet og naturgrunnlag:** Lokaliteten ligg i nordvestre del av kommunen, nær grensa mot Halsa, og på austsida av vegen over til Halsa, på den sørlege delen av fjellmassivet rundt Hjelmen. Det er prat om ein nordvendt berghammar (5-10 meter høg) på sørsida av Almbekkvatnet. Lokaliteten er ganske skarpt avgrensa mot anna mark på alle kantar (dvs fattigare lesidevegetasjon). Noko fattigare mark er teke inn i lokaliteten grunna arrondering. Det er mest fattig gneis i dette landskapet, men også eit belte med meir kalkrik glimmerskifer, og helst er det fragment av dette som kjem inn her.

*Lok. nr. 659 Hjelmen: Almbekkvatnet sør forts.*

**Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper:** Det er intermediær til middels kalkrik vegetasjon med leside- og bergveggspreg her.

**Artsmangfold:** Registrerte artar omfattar fleire typiske noko kalkrevjande fjellplantar som raudsildre, gulpsildre, fjellsmelle, svartstorr, bergstorr, taggbregne, fjellveronika, fjellfrøstjerne, grønbukne, fjellarve, snøsildre, samt aksfrytle og bergfrue.

**Bruk, tilstand og påvirkning:** Sau beitar enno i dette landskapet, men har nok helst ikkje så mykje innverknad på vegetasjon i berghammaren her.


**Fremmede arter:** Ingen observert.

**Del av helhetlig landskap:** Det er spreidd innslag av kalkrik fjellvegetasjon i desse grensefjella mellom Halsa og Surnadal.

**Verdivurdering:** Med grunnlag i faktaark frå våren 2014 oppnår lokaliteten låg vekt på arts Mangfold, variasjon og storleik (under 3 daa), samt høg vekt på tilstand. Dette gjev samla sett verdien lokalt viktig - C.

**Skjøtsel og hensyn:** Det beste for naturverdiane er å la lokaliteten få ligge i fred for fysiske inngrep. Noko beite går helst bra.

Omtalt lokalitet er den vesle i midten av desse tre.



## Naturtyperegistreringer

**Naturtype:** Rik fastmark i fjellet

**Utforming:** Rik rabbe

**Mosaikk:**

**Feltsjekk:** 02.08.2014 (siste)

## Beskrivelse

**Innledning:** Skildringa er lagt inn av Geir Gaarder, Miljøfaglig Utredning, 13.12.2014, med grunnlag i eige feltarbeid 02.08.2014 saman med Røy Langåker og Astrid Øye. Rapporteringa gjort i samband med supplerande naturtypekartlegging i Møre og Romsdal på oppdrag for Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Lokaliteten har vore ein del av ein tidlegare stor naturbaselokalitet kalla Hjelmen (NaturbaseID BN000181565), registrert under første gongs naturtypekartlegging i kommunen (Aune 2005). Han viser der til undersøkingar av Hjelmstad (1983) og ikkje minst krysslister av m.a. Asbjørn Moen frå 25.08.1999 (TRH), men problemet med begge kjeldene er at dei er grove og det meste kan vanskeleg tilbakeførast til dei konkrete, avgrensa kalkrike areala rundt Hjelmen. Dei vert difor ikkje vidareført her. John Bjarne Jordal (pers. meld.) har derimot truleg meir presise data, kanskje også frå denne lokaliteten (frå 1990-talet?), men dei er ikkje framskaffa i prosjektet. Ein vel difor her å lage to nye, små lokalitetar vest

*Lok. nr. 660 Hjelmen: Litjfjellet forts.*

på Hjelmen og tilrå at den gamle store lokaliteten som inneholdt mykje fattig fjellhei vert erstatta med lokalitet 426-Litlhjelmen, mens denne på Litjfjellet vert ny.

**Beliggenhet og naturgrunnlag:** Lokaliteten ligg i nordvestre del av kommunen, nær grensa mot Halsa, og på austsida av vegen over til Halsa, på nedre delar av ein vestvendt fjellrygg på fjellet Hjelmen. Her er det nokre berghamrar og rabber med tydeleg rik vegetasjon. Det er mest fattig gneis i dette landskapet, men også eit belte med meir kalkrik glimmerskifer, og denne lokaliteten ligg tydelegvis innanfor dette beltet.

**Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper:** Her er det mest kalkrik fjellvegetasjon typisk for rabber og dels berghamre.

**Artsmangfold:** Under feltarbeidet i 2014 vart følgjande artar notert: Reinrose, fjellsmelle, bergstorr, setermjelt, flekkmure, dverjamne, fjellbakkestjerne, raudsildre, fjelltistel, fjellfrøstjerne, svarttopp og grønburkne. Det er nok potensial for nokre fleire krevjande artar her.

**Bruk, tilstand og påvirkning:** Sau beitar enno i dette landskapet, og helst også litt her. Ein noko bruk tursti går gjennom lokaliteten opp til toppen av fjellet og fører lokalt til noko slitasje.


**Fremmede arter:** Ingen observert.

**Del av helhetlig landskap:** Det er spreidd innslag av kalkrik fjellvegetasjon i desse grensefjella mellom Halsa og Surnadal.

**Verdivurdering:** Med grunnlag i faktaark frå våren 2014 oppnår lokaliteten låg vekt på arts Mangfold, variasjon og storleik (vel 3 daa), samt høg vekt på tilstand. Dette gjev samla sett verdien lokalt viktig - C.

**Skjøtsel og hensyn:** Det beste for naturverdiane er å la lokaliteten få ligge i fred for fysiske inngrep. Noko beite går helst bra.

Omtalt lokalitet er vist med rød strek lengst aust, medan grøn skravur viser gamle grenser. Blå prikker er funn av raudlistearter og andre krevfulle arter under feltarbeidet i 2014. Finlett linje er hurrutte.



## Naturtyperegistreringer

**Naturtype:** Gammel edellauvskog

**Utforming:** Gammel almeskog

**Mosaikk:** Totalt 2 naturtype(r) registrert: Gammel edellauvskog F02 - Gammel almeskog (50%), Rik edellauvskog F01 - Rasmark-almeskog F0206 (100%).

**Feltsjekk:** 06.09.2014 (siste)

## Beskrivelse

**Innledning:** Skildringa er lagt inn av Geir Gaarder, Miljøfaglig Utredning, 13.12.2014, med grunnlag i eige feltarbeid 06.09.2014 saman med Ulrike Hanssen. Kartlegginga er gjort i samband med supplerande naturtypekartlegging i Møre og Romsdal på oppdrag for Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Dette har vore ein del av ein tidlegare større naturtypelokalitet med namn "Høgbakkan" i Naturbase (BN00018178), med grunnlag i Aune (2005) sin naturtyperapport, som i neste omgang bygger på Melby & Gaarder (2000). Denne er no revidert og dette partiet i aust er skilt ut som ein ny, eigen lokalitet, og den har tidlegare truleg ikkje vore undersøkt.

**Beliggenhet og naturgrunnlag:** Lokaliteten ligg litt inne i Todalen, i den sørveste lia på austsida av der Romådalen kjem ut i hovuddalføret. Her er det ei bratt li med ein del varmekjær vegetasjon og avgrensa lokalitet omfattar indre delar av dette arealet. Det er fleire skråstilte, skogklede flåg

her, der denne lokaliteten grenser mot bratte berghamre på austsida, fattigare furuskog ut mot nytt flåg i vest, meir uthogd og dels fattigare skog i nedkant og gradvis fattigare skog i berga på oversida. Det er mykje skogkledt rasmark her. Berggrunnen er dominert av gneis og skal ikkje vere spesielt kalkrik, men nokre artsfunn peiker på at det likevel ikkje er så verst mark her.

**Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper:** Det er for det meste høgstaudeprega vegetasjon i lia, med litt overgang mot lågurtskog nokre stader. Sidan verdiane truleg er høgast knytt til gammal edellauvskog har dette vore førande for typen (sjølv om arealet med rik edellauvskog nok er større).

**Artsmangfold:** Boreale lauvtre som bjørk, rogn og dels selje er nok dominante treslag, men det er også noko alm (NT) og dels hassel. I tillegg furu i kantonane. Feltsjiktet er frodig, og fleire varmekjære artar finst, som myske og lodneperikum, elles artar som stornesle, mjødurt og vendelrot. Av størst interesse er likevel mangfaldet av sopp og lav. På dei gamle almetrea vekst fleire typiske krevjande skorpelav, som *Gyalecta geoica*, blådoggnål (VU), almelav (NT) og kystdoggnål (NT). Elles artar som lungenever, skrubbenever, grynfiltlav og vrenge-artar. I tillegg kjem soppen narrepiggssopp (NT). På daud almeved veks både almekullsopp (NT) og den sjeldsynte snyltaren på den - *Chlorostoma vestlandicum*. I tillegg skrukkeøyre (NT). Førekomsten av markbuande sopp var ikkje spesielt god, men to overraskande regionalt svært sjeldsynte artar vart påvist. Det eine var eit eksemplar av skaftjordstjerne (NT) under ei alm, ein kalkkrevjande art som berre så vidt er funnen før i fylket (Gartlia i Surnadalsfjorden). Den andre var kanelsandkjuke (VU) i rikt. lågurtprega parti, ein krevjande markbuande kjukeart som tidlegare berre har vore registrert nokre få stader på Austlandet (arten er m.a.o. ny for fylket og Vestlandet). Det er stort potensial for fleire krevjande og raudlista artar her.

**Bruk, tilstand og påvirkning:** Skogen er ganske gammal med både gamle og dels grove tre og noko daudt trevirke. Dette inkluderer fleire almetre med noe grov sprekkebork og holrom i stammene (eit ti-tals slike tre). Ikkje noko særleg synlege skadar etter hjortegnag.

**Fremmede arter:** Ingen observert.

**Del av helhetlig landskap:** Todalen har framleis att ein del rik og gammal edellauvskog, sjølv om miljøet har vore i sterkt reduksjon som følgje av granplanting og hjortebeite som drep almetrea.

**Verdivurdering:** Med grunnlag i faktaark for gammal edellauvskog hausten 2014 får lokaliteten middels vekt på storleik (19 daa, dvs på grensa mot høg vekt), høg vekt på arts Mangfald og middels vekt på objektinnhald. Samla sett vert difor verdien svært viktig - A.


**Skjøtsel og hensyn:** Alle former for hogst av stadeigne treslag vil kunne skade verdiane. Ein bør samtidig ikkje ha høgare hjortestammen enn det ikkje vert skade på ståande almetre om vintaren, samt at det også vert forynging av nye almetre.

## Litteratur

Aune, E. I. 2005. Kartlegging av biologisk mangfald (naturtypar) i Surnadal kommune. NTNU Vitenskap.mus. Rapp. bot. Ser. 2005-1: 1-52.

Melby, M.W. & Gaarder, G. 2000. Verdier i Toåa, Surnadal kommune i Møre og Romsdal. Direktoratet for naturforvaltning VVV-rapport 2000-25: 1-46, 7 kart, 1 pl. + 60 s. vedlegg.

Omtala lokalitet er den vestre firkanten på nedsida av den halvstore i vest.



## Naturtyperegistreringer

**Naturtype:** Store gamle trær

**Utforming:** Alm

**Mosaikk:**

**Feltsjekk:** 06.09.2014 (siste)

## Beskrivelse

**Innledning:** Skildringa er lagt inn av Geir Gaarder, Miljøfaglig Utredning, 13.12.2014, med grunnlag i eige feltarbeid 06.09.2014 saman med Ulrike Hanssen. Kartlegginga er gjort i samband med supplerande naturtypekartlegging i Møre og Romsdal på oppdrag for Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

**Beliggenhet og naturgrunnlag:** Lokaliteten ligg litt inne i Todalen, nederst i den sør vendte lia på vestsida av der Romådalen kjem ut i hovuddalføret. Treet står i ein gråorskog på nedsida av bilvegen opp Romådalen.

**Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper:** Her er det høgstaudskog.

**Artsmangfold:** På almetreet (NT) veks almelav (NT), samt at almekullsopp (NT) vart funne på daud grein. Ingen spesielle artar sett i feltsjiktet.

**Bruk, tilstand og påvirkning:** Treet er ganske grovt, men utan synlege holrom. Det er litt

*Lok. nr. 662 Romålia nedre forts.*

halvgrov bork på det. Skogen rundt er ikkje særleg grov eller gammal (aldersfase berre).


**Fremmede arter:** Ingen sett nær inntil.

**Del av helhetlig landskap:** Todalen har framleis att ein del rik og gammal edellauvskog, sjølv om miljøet har vore i sterk reduksjon som følgje av granplanting og hjortebete som drep almetrea.

**Verdivurdering:** Med grunnlag i faktaark frå hausten 2014 får lokaliteten låg vekt på storlek (anslag, treet vart ikkje målt) og middels vekt på raudlisteartar, samt høg vekt på avstand til nabolokalitet. Ut frå dette får lokaliteten verdien viktig - B.

**Skjøtsel og hensyn:** Det er sjølvsagt viktig å ikkje hogge treet, men ein bør også unngå flatehogst og treslagsskifte nær inntil, samstundes som det nok berre er positivt med hard tynning av oreskogen.

Blaa prikker viser funn av raudlista beitemarksopp.



## Naturtyperegistreringer

<b>Naturtype:</b>	Naturbeitemark
<b>Utforming:</b>	Rik beiteeng
<b>Mosaikk:</b>	Totalt 1 naturtype(r) registrert: Naturbeitemark D04 - Rik beiteeng D0431 (75%).
<b>Feltsjekk:</b>	27.09.2014 (siste)

## Beskrivelse

**Innledning:** Skildringa er lagt inn av Geir Gaarder, Miljøfaglig Utredning, 15.12.2014, med grunnlag i eige feltarbeid 27.09.2014. Kartlegginga er gjort i samband med supplerande naturtypekartlegging i Møre og Romsdal på oppdrag for Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Grunneigar (Anita Land) har gjort einskilde registreringar av beitemarksopp her tidlegare, utan at dette er rapportert vidare eller trekt inn i skildringa her.

**Beliggenhet og naturgrunnlag:** Lokaliteten ligg i Stangvik, opp mot skogkanten i den sørvestvendte lia på nordsida av Prestelva. Det er prat om nokre bakkar med småvaksen lauvskog inntil. Grensene mot anna mark er ganske skarp, med unntak av at noko skog ligg innanfor gjerdet til beitemarka, samt at det dels har vore litt rydda småskog her i nyare tid. Berggrunnen er helst av grønskifer eller glimmerskifer og truleg litt kalkrik.

**Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper:** Dette er for det meste veldrenert kulturmarkseng,

Lok. nr. 663 Stangvik: Øvre Myrleet forts.

dels i overgang mot ekstensivt nytta kunstmarkseng nær husa i søraust. Mykje er nok svak lågurtmark, men helst også ein del lågurtmark (fordeling er usikker). Både litt småskog og ekstensiv kunstmarkseng er inkludert i lokaliteten for å få ei god arrondering.

**Artsmangfold:** Karplantefloraen omfattar ein del typiske naturengplantar som prestekrage, smalkjempe, aurikkelsveve, tepperot, gulaks, lækjeveronika. I tillegg er det også noko beitemarksopp her, i 2014 særleg funnen i vestlege halvdel (men noko tørt vér kan vere årsaken til få funn i aust). Dette omfattar funn av artar som raudnande lutvokssopp (VU - 2 funn), gulbrun narrevokssopp (NT), svartblå raudspore (NT) og *Entoloma pseudocoelostinum* (VU), samt noko meir vanlege artar som liten vokssopp, kantarellvokssopp, kjeglevokssopp, limvokssopp, brunfnokka vokssopp, krittvokssopp, honningvokssopp, engvokssopp, silkeraudspore, Entoloma exile, beiteraudspore og truleg kvit småkøllesopp. Det er potensial for fleire krevjande og helst også raudlista beitemarksopp her.

**Bruk, tilstand og påvirkning:** Lokaliteten vert beita av sau (dels heilsesongbeite) for tida, men også hest og dels ungdyr har vore nytta i nyare tid. Beitetrykket er ganske godt, men kan også vere enno litt høgare. Lokaliteten har ikkje vore gjødsla i nyare tid (siste 30 år), men kan ha vore litt gjødsla for lengre tid sidan.


**Fremmede arter:** Ingen sett nær inntil.

**Del av helhetlig landskap:** Naturbeitemarker finst spreidd i kommunen, men få andre er hittil dokumentert i denne delen.

**Verdivurdering:** Med grunnlag i faktaark frå våren 2014 får lokaliteten låg vekt på kjenneteiknande artar, høg vekt på raudlisteartar, høg vekt på storleik (9 da) og middels vekt på tilstand. Samla sett gjev dette verdien svært viktig - A.

**Skjøtsel og hensyn:** For å ta vare på naturverdiane er det naudsynt å oppretthalde eit godt beitetrykk, samtidig som ein ikkje gjødslar, medan ein får rydda vekk småskog i kantonar år om anna. Det beste er nok bruk av storfe, eller av hest i periodar, eventuelt i kombinasjon med sau på vår- og haustbeite. Heilsesongbeite med sau fører truleg til utarming av karplantefloraen, men tek vare på dei viktige verdiane knytt til beitemarksopp.

Omtala lokalitet er den nordlege av desse to. Blå prikkar er funnsteder for krevjande arter. Grøn farge viser delar av gammal lokalitet.



## Naturtyperegistreringer

**Naturtype:** Kalkskog med boreale lauvtrær

**Utforming:** Høgstaude-kalkbjørkeskog

**Mosaikk:** Totalt 2 naturtype(r) registrert: Kalkskog med boreale lauvtrær F24 - Høgstaude-kalkbjørkeskog F2403 (75%), Åpen kalkmark B13 - Kalkberg utenfor Oslofeltet B1303 (10%).

**Feltsjekk:** 27.09.2014 (siste)

## Beskrivelse

**Innledning:** Skildringa er lagt inn av Geir Gaarder, Miljøfaglig Utredning, 15.12.2014, med grunnlag i eige feltarbeid 27.09.2014. Kartlegginga er gjort i samband med supplerande naturtypekartlegging i Møre og Romsdal på oppdrag for Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Dette har tidlegare vore ein del av ein stor lokalitet registrert som kalkskog i Naturbase (ID BN00018127 - med namn V for Høgmyran naturreservat") avgrensa av Aune (2005). Lokaliteten er no revidert og avgrensinga vesentleg redusert, og eit mindre parti på sørsida av Damtjønna er skilt ut no som ny hovudlokalitet, medan denne i ny vert ein ny førekomst.

**Beliggenhet og naturgrunnlag:** Lokaliteten ligg på Nordmarka, sør for Geitøyvatnet i austre del av Surnadalssida. Det er prat på ein mindre, hovudsakleg aust-vest-gåande rygg som tydeleg er bygd opp av kalkstein. Lokaliteten er for det meste skarpt avgrensa mot fattigare skog på alle

*Lok. nr. 664 Damtjørna nord forts.*

kantar.

**Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper:** Dels er det opne kalkberg (opptil 4-5 meter høg bergvegg), med ein smal brem av kalkskog rundt. Det går raskt over i fattigare vegetasjon etter kvart som humusdekket vert djupare på kantane.

**Artsmangfold:** Bjørk er dominerande treslag. I feltsjiktet er det ei blanding av krevande og lite kravfulle artar som . I berget veks m.a. bergveronika, grønburkne, murburkne og bergskrinneblom. Elles artar som taggbregne, raudflangre og krattfiol. Det er potensial for m.a. einskilde krevjande beitemarksopp her og i det minste vart mønjevokssopp funne.

**Bruk, tilstand og påvirkning:** Det er mest middelaldrande bjørkeskog her. Området blir i liten beita av husdyr no, men var nok del av viktige beiteområde tidlegare. Nokre traktorspor i nedkant vitnar om litt hogst her tidlegare.

**Fremmede arter:** Det er planta gran i nærleiken, men ikke innanfor området.

**Del av helhetlig landskap:** Det er nokre kalkryggar med tilhøyrande krevjande flora på Nordmarka, men ikkje mange.


**Verdivurdering:** Med grunnlag i faktaark frå hausten 2014 får lokaliteten så vidt middels verdi på storleik (vel 10 daa), låg vekt på arts Mangfold og middels vekt på skogtilstand. Ut frå dette får lokaliteten samla sett verdi viktig - B.

**Skjøtsel og hensyn:** Det er særleg viktig å unngå treslagsskifte til gran. Ein bør vere varsam med snauhogst, medan auka beite, ikke minst av storfe, helst er positivt.

## Litteratur

Aune, E. I. 2005. Kartlegging av biologisk mangfold (naturtypar) i Surnadal kommune. NTNU Vitenskap.mus. Rapp. bot. Ser. 2005-1: 1-52.

Omtala lokalitet er den vestre av desse tre. Blå prikker er funnsteder for krevjande og dels raudlista artar.



## Naturtyperegistreringer

- Naturtype:** Rik edellauvskog  
**Utforming:** Rasmark- og ravine-almeskog  
**Mosaikk:**  
**Feltsjekk:** 15.10.2014 (siste)

## Beskrivelse

**Innledning:** Skildringa er lagt inn av Geir Gaarder, Miljøfaglig Utredning, 15.12.2014, med grunnlag i eige feltarbeid 27.09.2014. Kartlegginga er gjort i samband med supplerande naturtypekartlegging i Møre og Romsdal på oppdrag for Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Det er ikkje kjent tidlegare undersøkingar her.

**Beliggenhet og naturgrunnlag:** Lokaliteten ligg i Todalen, oppe i lia nordaust for kyrkja. Her er det nokre berghamar med rasmarkskog og under der til dels open ur. Avgrensa lokalitet utgjør eit slikt parti med skog mellom bergrøta og ura. Det vert raskt mindre rik skog i vest, dels er det plantefelt og yngre skog på nedsida i aust (ein liten bekk danner grense i aust) og litt usikker grense mot fattigare skog i overkant i midtre og austre del. Berggrunnen er i utgangspunktet ganske kalkfattig.

**Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper:** Særleg i vestre og dels midtre delar er det litt

Lok. nr. 665 Gråknollen: Bleikhammaren forts.

høgstaudeprega (ca 20%) feltsjikt knytt til rasmarkskog, men gradvis og særleg midtre del og mot aust kjem det meir inn lågurtskog (ca 60%) og etter kvart også lite rasmarksprega lågurtskog og stadvis litt fattigare skog.

**Artsmangfold:** Viktige treslag er bjørk, rogn og selje, osp, litt furu i austre del, samt at det er mykje hasselkratt og einskildre almetre (NT) og så vidt osp. Feltsjiktet er stadvis rikt, særleg i midtre delar, med ein del av artar som skogfaks, kjempesvingel, lundgrønaks, skogsningel (sparsamt), myske, småborre, svarteknapp og sanikel, samt lokalt også breiflangre. På gammal alm vart narrepiggsopp (NT) funne. Det er litt lungenever-samfunn på berg og dels tre her, med artar som lungenever, skrubbenever, kystårenever, grynfiltlav og vrenge-artar, samt at det også vart gjort eit par funn av den relativt fuktkrevjande arten rund porelav. Det er potensial for krevjande og helst også raudlista artar av sopp her.

**Bruk, tilstand og påvirkning:** Stadvis er det ein del daudt trevirke (særleg av selje i vest), og særleg i vestre delar må skogen reknast for å vere ein gammalskog, medan det er meir yngre skog (aldersfase til tidleg gammalskogfase) i aust, som følgje av at skogen har vore hogd ut (men hassel har helst fått stå i fred) for nokre ti-år sidan. Det var mangel på grove, styva almetre her, og det er litt skader av hjortegnag på trea.


**Fremmede arter:** Eit par smale granplantefelt går opp lia og skjer seg delvis inn i sentrale delar av lokaliteten. I tillegg er platanlønn i spreiing, m.a. innanfor lokaliteten i vest.

**Del av helhetlig landskap:** I dei sørvestlige lisidene frå denne lokaliteten og nokre kilometer mot aust er det jamnt med rik og dels gammal edellauvskog i Todalen.

**Verdivurdering:** Med grunnlag i faktaark frå våren 2014 får lokaliteten høg vekt på storleik (19 daa), middels vekt på kjenneteiknande artar og låg vekt på raudlisteartar (men kanskje burde potensial tilseie middels vekt), middels til låg vekt på framande artar og middels for påverknad og habitatkvalitet. Samla sett gjev dette verdien viktig - B.

**Skjøtsel og hensyn:** Framande artar som gran og platanlønn bør snarast fjernast frå lokaliteten og nærområdet til ho. Elles er det beste å la den få ligge i fred, men ein må passe på så ikkje hjortestammen vert så høg at dyra byrjar å beite ned almen (noko del alt gjer i kommunen).

Omtala lokalitet er den midtre av desse tre. Blå prikker er funnsteder for krevjande og dels raudlistata artar.



## Naturtyperegistreringer

**Naturtype:** Rik edellauvskog

**Utforming:** Lågurt-hasselkratt

**Mosaikk:**

**Feltsjekk:** 15.10.2014 (siste)

## Beskrivelse

**Innledning:** Skildringa er lagt inn av Geir Gaarder, Miljøfaglig Utredning, 15.12.2014, med grunnlag i eige feltarbeid 27.09.2014. Kartlegginga er gjort i samband med supplerande naturtypekartlegging i Møre og Romsdal på oppdrag for Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Det er ikkje kjent tidlegare undersøkingar her.

**Beliggenhet og naturgrunnlag:** Lokaliteten ligg i Todalen, oppe i lia nordaust for kyrkja. Hovudsakleg i nedkant av eit brattare parti er det noko rikare skog her, dels rasmarksprega. Lokaliteten grenser for det meste mot fattigare skog i nedkant (litt utydeleg) og i overkant (nokså tydeleg). I aust er det ein delvis tørrlagt bekk og tette granplantefelt på austsida av den. Berggrunnen er i utgangspunktet ganske kalkfattig.

**Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper:** Det er noko høgstaudeprega skog her (anslag på 25%), men mest lågurskog (anslag 75%), medan det i sør og nord går over mot fattigare skogtyper

Lok. nr. 666 Lauvåa vest forts.

(bregnerik mark og svak lågurtskog).

**Artsmangfold:** Viktige treslag er bjørk, rogn og selje, osp, ogsparsmat med furu, samt at det er mykje hasselkratt og sparsamt med almetre (NT) (i fyrste rekkje nokre tre i vest samt einskilde i aust). Feltsjiktet er stadvis rikt, med artar som skogfaks, kjempesvingel, lundgrønaks, myske, småborre, lodneperikum, kransmynte og sanikel, samt breiflangre (spreidd). Elles artar som revebjølle, tyrihjelm, skogsvinerot og storfrytle. På gammal alm vart bleikdoggnål (NT) og almelav (NT) funne i vest, medan almekullsopp (NT) vart registrert både der og i aust.

Lungenever-samfunnet er sparsamt utvikla med lungenever, grynfiltlav, vanleg blåfiltlav og litt vrenge-artar. Det er potensial for fleire kravfulle og dels raudlista artar her.


**Bruk, tilstand og påvirkning:** Det meste av skogen er nok berre i aldersfase som følgje av tidlegare hogst, men det veks også gamle almetre i overkant av ei blokkmark i vest, samt at det nok også er eldre skog heilt i nordaust (ikkje sjekka opp). Så vidt litt holrom på almetrea i vest. På den andre sida vart det registrert skader etter hjort på almetre i området, og i aust vart det funne ein stubbe etter ei grov alm som har vorte felt for ein del år attende.

**Fremmede arter:** Platanlønn i spreiling innanfor lokaliteten.

**Del av helhetlig landskap:** I dei sørverndte lisidene frå denne lokaliteten og nokre kilometer mot aust er det jamnt med rik og dels gammal edellauvskog i Todalen.

**Verdivurdering:** Med grunnlag i faktaark frå våren 2014 får lokaliteten høg vekt på storleik (35 daa), middels vekt på kjenneteiknande artar og raudlisteartar, middels vekt på framande artar og middels for påverknad og habitatkvalitet. Samla sett gjev dette verdien viktig - B.

**Skjøtsel og hensyn:** Framande artar som platanlønn bør snarast fjernast frå lokaliteten og nærområdet til ho. Elles er det beste å la den få ligge i fred, men ein må passe på så ikkje hjortestammen vert så høg at dyra byrjar å beite ned almen (noko del alt gjer i kommunen).



## Naturtyperegistreringer

**Naturtype:** Flommarksskog

**Utforming:** Flompåvirket oreskog

**Mosaikk:** Totalt 2 naturtype(r) registrert: Flommarksskog F21 - Flompåvirket oreskog F2101 (85%), Kroksjø, flomdam og meanderende elveparti E03 - F2101 (15%).

**Feltsjekk:** 16.10.2014 (siste)

## Beskrivelse

**Innledning:** Skildringa er lagt inn av Geir Gaarder, Miljøfaglig Utredning, 16.12.2014, med grunnlag i eige feltarbeid 16.10.2014. Kartlegginga er gjort i samband med supplerande naturtypekartlegging i Møre og Romsdal på oppdrag for Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Lokaliteten har ikkje vore fanga opp i Naturbase tidlegare, men eit parti i nordre del av lokaliteten har vore registrert i samband med MiS-undersøkingar (ID 25459). I tillegg har tydeligvis Eli Fremstad vore her i 1994 og gjort nokre interessante artsfunn.

**Beliggenhet og naturgrunnlag:** Lokaliteten ligg eit stykke opp i Surnadalen, like ovanfor Røv. Den omfattar noko skog og flaumløp på sørsida av Surna, avgrensa mot elva i nord og elles mot dyrka mark. Det er nok mest grus og småstein som substrat her, men nok også litt meir finkorna substrat. Samanlikna med avgrensning i MiS er eit vesentleg større areal teke med, da korkje

Lok. nr. 667 Røv: Bekkerholmen forts.

skogstruktur eller andre registrerte miljøparametere tilsa ei så snever grense (det er m.a. like storvaksen skog på sørssida av elveløpet).

**Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper:** Det meste er flaummarkskog med høgstaudevegetasjon på litt halvgrovt substrat (anslag 85% av arealet). I tillegg kjem det innslag av flaumløp, dels aktive og dels slike som berre vert vassfylte ved særleg høg vassføring (anslag 15% av arealet). Berre fragment av ope elveør ut mot elva. Lokaliteten er å sjå på som del av eit større elveslettelandskap.

**Artsmangfold:** Gråor er dominerande treslag, men i tillegg finst ein del småvaksen hegg samt nokre større tre med alm (NT) og litt bjørk. Feltsjiktet er ganske frodig, med artar som strutseving og bringebær, men utan funn av spesielt sjeldsynte artar. På gråorgadd vart elles vortenål funnen, ein krevjande knappenåslav. Ved ei vitjing av "Bekkøya" 29.05.1994 fann Eli Fremstad her oreomose, ein internasjonalt sjeldsynt art (men som ikkje er raudlista i Noreg), som eit av to kjente funn så langt i fylket.

**Bruk, tilstand og påvirkning:** Skogen er nok i ein sein aldersfase eller tidleg gammalskogsfase. Den er ganske storvaksen, men har ikkje så mykje daudt trevirke enno og da mest i tidlege nedbryningsstadium. Det går ein enkel traktorveg inn frå vest og mot engmarka i øst på den delvis avsnørte holmen. Elva er regulert.

**Fremmede arter:** Det står nokre store grantre inne på lokaliteten og arten spreier her truleg ganske sakte.

**Del av helhetlig landskap:** Langs Surna finst det enno ein del lauvskog, men det meste har nok vore påverka av vedhogst mv. også dei siste 50 åra.


**Verdivurdering:** Med grunnlag i faktaark frå hausten 2014 får lokaliteten høg vekt på storleik, låg vekt på arts Mangfald, middels vekt på påverknad og tilstand, samt landskapsøkologisk betydning. Samla sett gjev dette verdien viktig - B.

**Skjøtsel og hensyn:** Framande treslag som gran kan med fordel fjernast frå lokaliteten. Vedhogst og fysiske inngrep er klart skadelege. Kjem det flaum som endrar på flaumløpa så vil det vere ein positiv og naturleg del av dynamikken.

## Litteratur

Hassel, K. 2014. Emerald Network: Evaluering av mosearter. Vitenskapsmuseet. Notat, 25 s.

Omtalt lokalitet er den sørvestlige av desse to avgrensa med raud strek. Blå, stipla linjer viser forvaltningsområde i MiS. Fiolett stipla strek er turruta i 2014.



## Naturtyperegistreringer

**Naturtype:** Flommarksskog

**Utforming:** Flompåvirket oreskog

**Mosaikk:** Totalt 3 naturtype(r) registrert: Flommarksskog F21 - Flompåvirket oreskog F2101 (60%), Kroksjø, flomdam og meanderende elveparti E03 - Tydelig flompåvirket flomdam E0310 (25%), Åpen flommark E04 - Rik grasflommark E0310 (15%).

**Feltsjekk:** 16.10.2014 (siste)

## Beskrivelse

**Innledning:** Skildringa er lagt inn av Geir Gaarder, Miljøfaglig Utredning, 16.12.2014, med grunnlag i eige feltarbeid 16.10.2014. Kartlegginga er gjort i samband med supplerande naturtypekartlegging i Møre og Romsdal på oppdrag for Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Lokaliteten har ikkje vore fanga opp i Naturbase tidlegare, men eit parti i nordre del av lokaliteten har vore registrert i samband med MiS-undersøkingar (ID 25461). Helst har nok også andre vore her og registrert litt.

**Beliggenhet og naturgrunnlag:** Lokaliteten ligg eit stykke opp i Surnadalen, like ovanfor Røv. Den omfattar noko skog og flaumløp på sørsida av Surna, avgrensa mot elva i vest, riksveg 70 i sør og elles mot dyrka mark. Lokaliteten har nok litt grus og stein, men helst mest meir finkorna

Lok. nr. 668 Røv: Småøyen forts.

substrat. Samanlikna med avgrensning i MiS er eit noko større areal teke med, helst dels som følgje av litt betre kartgrunnlag, men særleg fordi også meir opne miljø er tekne med no.

**Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper:** Det meste er flaummarkskog med høgstaudevegetasjon på dels litt fint substrat (anslag 60% av arealet). I tillegg kjem det innslag av flaumdam i sør (anslag 25%) og elveør (anslag 15%). Lokaliteten er å sjå på som del av eit større elveslettelandskap.

**Artsmangfold:** Gråor er dominerande treslag, men i tillegg finst ein del småvaksen hegg samt nokre unge tre med alm (NT). Feltsjiktet er til dels frodig, men utan funn av spesielt sjeldsynte artar. Litt nitrofilt preg med byhøymol og skvallerkål i skogen/skogkanter. Litt helofyttsump med elvesnelle mv i flaumdammen. Eit par stokkender vart skremt opp i flaumdammen, og dette er sikkert en plass det er vanleg å sjå våtmarksfugl.

**Bruk, tilstand og påvirkning:** Skogen er nok i ein sein aldersfase med lite daudt trevirke og ikkje særleg store dimensjonar. Elva er regulert.

**Fremmede arter:** Ei gran vart registrert.

**Del av helhetlig landskap:** Langs Surna finst det enno ein del lauvskog, men det meste har nok vore påverka av vedhogst mv. også dei siste 50 åra.

**Verdivurdering:** Med grunnlag i faktaark for flaummarkskog frå hausten 2014 får lokaliteten middels vekt på storleik, låg vekt på arts Mangfald, låg vekt på påverknad og middels på tilstand, samt landskapsøkologisk betydning. Samla sett gjev dette verdien viktig - B. Innslaget av andre elveslette-tilknytta miljø er med på å styrke verdivurderinga, medan det noko nitrofile preget i skogen trekker litt ned.

**Skjøtsel og hensyn:** Vedhogst og fysiske inngrep er klart skadelege. Kjem det flaum som endrar på flaumløpa så vil det vere ein positiv og naturleg del av dynamikken.



## Naturtyperegistreringer

**Naturtype:** Flommarksskog

**Utforming:** Flompåvirket oreskog

**Mosaikk:** Totalt 3 naturtype(r) registrert: Flommarksskog F21 - Flompåvirket oreskog F2101 (40%), Åpen flommark E04 - Mudderbank E0407 (40%), Rik boreal lauvskog F04 - Rik løvskog i liside E0407 (20%).

**Feltsjekk:** 16.10.2014 (siste)

## Beskrivelse

**Innledning:** Skildringa er lagt inn av Geir Gaarder, Miljøfaglig Utredning, 16.12.2014, med grunnlag i eige feltarbeid 16.10.2014. Kartlegginga er gjort i samband med supplerande naturtypekartlegging i Møre og Romsdal på oppdrag for Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Lokaliteten har ikkje vore fanga opp i Naturbase tidlegare, men eit parti av lokaliteten har vore registrert i samband med MiS-undersøkingar (ID 25478). Helst har nok også andre vore her og registrert litt.

**Beliggenhet og naturgrunnlag:** Lokaliteten ligg langs nedre del av Surna, rett på nedsida av Skei sentrum. Det er prat om ei bakevje inn mot ein campingplass og terrassekant mot dyrka mark. Samanlikna med avgrensning i MiS er ein del større areal teke med, både for betre å fange opp all

Lok. nr. 669 Skei nordvest forts.

oreskogen og for å få med opne flaummarksmiljø.

**Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper:** Det er nok mest flaummarkskog med høgstaudevegetasjon på dels litt fint substrat (anslag 40% av arealet), samt at ein får ca 20% med høgstaudeskog (gråor-heggeskog) i lisida. I tillegg er det ein del finkorna, opne mudderbanker i overgang mot meir eksponert elveør og helofyttsamfunn i flaumløpet (samlia anslag 40%).

Lokaliteten er å sjå på som del av eit større elveslettelandskap.

**Artsmangfold:** Gråor er dominerande treslag, men i tillegg finst ein del småvaksen hegg og ei alm (NT). Feltsjiktet er til dels frodig, men utan funn av spesielt sjeldsynte artar. Helofyttsumpene har artar som elvesnelle, strandrør og innslag av sverdlilje. Av langskotvegetasjon vart det funne noko glattkrans. På mudderbankene veks artar som vasshår-artar, sylblad, nålesivaks og evjesoleie. I tillegg er nok dette eit eigna område til fødesøk for våtmarksfugl og under vitjinga i oktober 2014 vart 6 enkeltbekkasin skremt opp herifrå.


**Bruk, tilstand og påvirkning:** Skogen er nok i ein gammalskogsfasen med ein del daudt trevirke og ganske store dimensjonar. Elva er regulert. Elles er det lite inngrep her. Lokaliteten ligg så lågt at den nok er litt påverka av flo og fjøre, med ikkje merkbart av saltvatn.

**Fremmede arter:** Ei gran vart registrert.

**Del av helhetlig landskap:** Langs Surna finst det enno ein del lauvskog, men det meste har nok vore påverka av vedhogst mv. også dei siste 50 åra.

**Verdivurdering:** Med grunnlag i faktaark for flaummarkskog frå hausten 2014 får lokaliteten middels vekt på storleik (ca 15 daa), låg vekt på arts Mangfald, middels vekt på påverknad og middels på tilstand, samt landskapsökologisk betydning. Samla sett gjev dette verdien viktig - B. Innslaget av andre elveslette-tilknytta miljø er med på å styrke verdivurderinga (også som open flaummark ville verdien ha vore viktig - B) og lokaliteten ligg nok i grenseland mot svært viktig - A.

**Skjøtsel og hensyn:** Vedhogst og fysiske inngrep er klart skadelege. Kjem det flaum som endrar på flaumløpa så vil det vere ein positiv og naturleg del av dynamikken.



## Naturtyperegistreringer

**Naturtype:** Åpen flommark

**Utforming:** Mudderbank

**Mosaikk:** Totalt 4 naturtype(r) registrert: Flommarksskog F21 - Flompåvirket bjørke- og vierskog F2102 (20%), Åpen flommark E04 - Elveør E0405 (15%), Åpen flommark E04 - Mudderbank E0405 (35%), Kroksjø, flomdam og meanderende elveparti E03 - Meanderende elveløp E0308 (30%).

**Feltsjekk:** 16.10.2014 (siste)

## Beskrivelse

**Innledning:** Skildringa er lagt inn av Geir Gaarder, Miljøfaglig Utredning, 16.12.2014, med grunnlag i eige feltarbeid 16.10.2014. Kartlegginga er gjort i samband med supplerande naturtypekartlegging i Møre og Romsdal på oppdrag for Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Lokaliteten har ikkje vore fanga opp i Naturbase tidlegare, men helst har nok også andre vore her og registrert litt.

**Beliggenhet og naturgrunnlag:** Lokaliteten ligg langs nedre del av Surna, på motsett side av elva i høve til Skei sentrum. Det er prat om ei bakevje inn mot dyrka mark og lokaliteten er for det meste skarpt avgrensa mot andre miljø.

**Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper:** I aust er det eit noko eksponert parti mot

Lok. nr. 670 Litløya forts.

vassføringa i elva med preg av open elveøy med tilhøyrande urter og gras, samt meir vegetasjonsfrei småstein og også litt sandbanker inn mot skogen. Innanfor kjem eit parti med litt lågvaksen skog med høgt innslag av vier, også dette tydeleg noko påverka av vassføringa i elva. Vestre halvdel er ei tydeleg bakevje i elva, med ein mudderbanke ut mot hovudløpet i sør og eit grunt parti med mudderstrand på innsida innanfor. Til dels innslag av flaumdammer og gamle flaumløp i nord.

**Artsmangfold:** Gråor er dominerande treslag, men i tillegg finst ein del småvaksen hegg. Feltsjiktet er til dels frodig, men utan funn av spesielt sjeldsynte artar. På mudderbankene veks artar som vasshår-artar og sylblad. I tillegg er dette eit viktig område til fødesøk for våtmarksfugl og under vitjinga i oktober 2014 vart over 80 krikkender, ca 10 stokkender, nokre kvinender og nærmare 10 enkeltbekkasin skremt opp herifrå.

**Bruk, tilstand og påvirkning:** Skogen er ikkje særleg grov eller gammal, men mykje har gått over endre nyleg, helst som følgje av storm og det er mykje daudt, ferskt trevirke.. Elva er regulert. Elles er det lite inngrep her. Lokaliteten ligg så lågt at den er litt påverka av flo og fjøre, med ikkje merkbart av saltvatn.

**Fremmede arter:** På elveøyra veks m.a. ein del lupiner.

**Del av helhetlig landskap:** Langs Surna finst det enno ein del miljø typisk for elveslettelandskap, men mykje har vorte forringa i nyare tid som følgje av vassdragsregulering, elveforbygning og andre inngrep.

**Verdivurdering:** Med grunnlag i faktaark frå hausten 2014 for open flaummark får lokaliteten middels vekt på storleik (over 20 da open flaummark), middels på variasjon i typar, låg for artsmanfald, høg vekt for tilstand og middels vekt for påverknad. Samla sett gjev dette verdien viktig - B. Verdien for våtmarksfugl kan kanskje tilseie ein samla naturmangfaldverdi som svært viktig - A her.

**Skjøtsel og hensyn:** Det beste for naturverdiane er å la miljøet få ligge i fred, med unntak av at framande artar bør fjernast. Ein bør unngå tilrettelegging for friluftsliv, for å skjerme fuglelivet.



## Naturtyperegistreringer

**Naturtype:** Kroksjø, flomdam og meanderende elveparti

**Utforming:** Tydelig flompåvirket kroksjø

**Mosaikk:**

**Feltsjekk:** 16.10.2014 (siste)

## Beskrivelse

**Innledning:** Skildringa er lagt inn av Geir Gaarder, Miljøfaglig Utredning, 16.12.2014, med grunnlag i eige feltarbeid 16.10.2014. Kartlegginga er gjort i samband med supplerande naturtypekartlegging i Møre og Romsdal på oppdrag for Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Lokaliteten har ikkje vore fanga opp i Naturbase tidlegare, men helst har nok også andre vore her og registrert litt.

**Beliggenhet og naturgrunnlag:** Lokaliteten ligg langs nedre del av Surna, på motsett side av elva i høve til Skei sentrum. Det er prat om ein kroksjørest der det meste for lengst er lagt under plogen, men der dei djupare, nedre delane framleis står att. Også litt kantsoner med flaummarkskog finst enno i nedre delar. Miljøet grenser skarpt mot dyrka mark på tre kanter.

**Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper:** Dette er ein kroksjø med noko helofyttsamfunn og i kantsonar mot fastmark innslag av så vidt pusleplantesamfunn (samla sett ca 75%). I tillegg

Lok. nr. 671 Vassendøya forts.

kjem litt flaummarkskog med gråor (ca 25%).

**Artsmangfold:** Gråor er dominerande treslag i kantsonene. På mudderbankene veks artar som vasshår-artar og dikeforglemmegei. I tillegg er dette eit område til fødesøk for våtmarksfugl og under vitjinga i oktober 2014 vart ca 20 grasender sett.

**Bruk, tilstand og påvirkning:** Det vesle som er av skog er nok i aldersfase. Helst er det litt næringssig her, men ikkje så mykje. Øvst skjer ein landbruksveg over kroksjøen og den vesle dammen på oversida er ikkje inkludert (for påverka og liten). Kantsonane verkar derimot delvis naturlege.


**Fremmede arter:** Ingen observert.

**Del av helhetlig landskap:** Langs Surna finst det enno ein del miljø typisk for elveslettelandskap, men mykje har vorte forringa i nyare tid som følgje av vassdragsregulering, elveforbygning og andre inngrep.

**Verdivurdering:** Med grunnlag i faktaark for kroksjøer mv frå hausten 2014 får lokaliteten låg vekt på variasjon, vegetasjonstypar, raudlisteartar og låg vekt på påverknad. Samla sett gjev dette berre verdien lokalt viktig - C.

**Skjøtsel og hensyn:** Det beste for miljøet er i hovudsak å la det ligge i fred, der særleg fysiske inngrep må reknast som negativt.

Omtalt lokalitet er den minste av desse tre.



## Naturtyperegistreringer

**Naturtype:** Kroksjø, flomdam og meanderende elveparti

**Utforming:** Lite eller ikke flompåvirket kroksjø

**Mosaikk:**

**Feltsjekk:** 16.10.2014 (siste)

## Beskrivelse

**Innledning:** Skildringa er lagt inn av Geir Gaarder, Miljøfaglig Utredning, 16.12.2014, med grunnlag i eige feltarbeid 16.10.2014. Kartlegginga er gjort i samband med supplerande naturtypekartlegging i Møre og Romsdal på oppdrag for Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Lokaliteten har ikkje vore fanga opp i Naturbase tidlegare.

**Beliggenhet og naturgrunnlag:** Lokaliteten ligg langs Surna, på nordsida av elva like aust for Mogstad. Truleg er dette ein gammal kroksjørest som no berre har kontakt med elva via ein lang kanal/bekk mot vest. Den er avgrensa mot dyrka mark i sør og dels mot veggen i nord (helst har det vore fylt ut noko her for lang tid attende).

**Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper:** Dette er ein kroksjø med noko langskotsamfunn og litt flaummarkskog eller sumpskog med høgstauder i kantsonar.

**Artsmangfold:** Gråor er dominerande treslag i kantsonene. I vasskanten veks m.a. elvesnelle og

*Lok. nr. 672 Mogstad aust - kroksjø forts.*

flaskestorr, samt litt skogsivaks i innløpet i austre del. Ute i vatnet litt elvesnelle. I tillegg er dette eit område til fødesøk for våtmarksfugl og under vitjinga i oktober 2014 vart to stokkender sett.

**Bruk, tilstand og påvirkning:** Helst har det for lenge sidan vorte fylt noko ut i kantsona mot vegen her. Elles verkar miljøet ganske intakt.


**Fremmede arter:** Kjempespringfrø veks i kantsona.

**Del av helhetlig landskap:** Langs Surna finst det enno ein del miljø typisk for elveslettelandskap, men mykje har vorte forringa i nyare tid som følgje av vassdragsregulering, elveforbygning og andre inngrep.

**Verdivurdering:** Med grunnlag i faktaark for kroksjøer mv frå hausten 2014 får lokaliteten låg vekt på variasjon, vegetasjonstypar, raudlisteartar og middels vekt på påverknad. Samla sett gjev dette verdien viktig - B. Sidan lokaliteten er så liten vert verdien her sett ned til lokalt viktig - C.

**Skjøtsel og hensyn:** Det beste for miljøet er i hovudsak å la det ligge i fred, der særleg fysiske inngrep må reknast som negativt. Framande artar som kjempespringfrø bør fjernast.

Omtalt lokalitet er den sørvest/legastå av desse tre.



## Naturtyperegistreringer

**Naturtype:** Flommarksskog

**Utforming:** Flompåvirket oreskog

**Mosaikk:** Totalt 2 naturtype(r) registrert: Flommarksskog F21 - Flompåvirket oreskog F2101 (60%), Elveslette E22 - Flomslettet - uklar dannelse E2203 (40%).

**Feltsjekk:** 16.10.2014 (siste)

## Beskrivelse

**Innledning:** Skildringa er lagt inn av Geir Gaarder, Miljøfaglig Utredning, 16.12.2014, med grunnlag i eige feltarbeid 16.10.2014. Kartlegginga er gjort i samband med supplerande naturtypekartlegging i Møre og Romsdal på oppdrag for Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Lokaliteten har ikkje vore fanga opp i Naturbase tidlegare, men to parti av lokaliteten har vore registrert i samband med MiS-undersøkingar (ID 25470 og 25472).

**Beliggenhet og naturgrunnlag:** Lokaliteten ligg langs Surna, på nordsida av elva like sør for Mogstad. Den omfattar eit litt større parti med småskog og kratt som har ein tydeleg gradient frå sterkt flaumpåverka til lite flaumpåverka, og etter kvart dyrka mark. Lokaliteten vert vesentleg større enn MiS-figurane, særleg fordi ein her tek med meir eller mindre opne areal, og generelt all flaumpåverka mark (og ut frå krava til MiS er det vanskeleg å skjøne den nordre lokaliteten).

*Lok. nr. 673 Mogstad sør forts.*

**Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper:** Særleg i sør er det ein del flaummarkskog med gråor samt litt ope elveør. I midtre og nordre delar er skogen yngre, men også her er det nok prat om flaummarkskog med mest gråor, samtidig som det er innslag av grasrike elveører (om det ikkje er seine attgroingsstadium av fuktenger/våtenger da) og litt restar av kroksjø/flaumdammer.

**Artsmangfold:** Gråor er dominerande treslag. Elles vart det ikkje funne så mykje interessante artar her, men det bør vere eit potensial for flaummarkstilknytta insekt. Noko strutseveng i skogen.

**Bruk, tilstand og påvirkning:** Påverknaden er noko usikker. Det er tilrettelagt litt for fiske heilt i sør (med ein gapahuk m.a.). I midtre og nordre del verkar miljøet noko forstyrra og det har vore teke ut sand/grus her tidlegare. Men, om resten er primært flaumpåverka eller om det er restar av gammal kulturmarksenger uklart. Ei kraftline går over lokaliteten og ein traktorveg går dels gjennom.


**Fremmede arter:** Lupiner vart funne og det er noko platanlønn i skogen.

**Del av helhetlig landskap:** Langs Surna finst det enno ein del miljø typisk for elveslettelandskap, men mykje har vorte forringa i nyare tid som følgje av vassdragsregulering, elveforbygning og andre inngrep.

**Verdivurdering:** Med grunnlag i faktaark for flaummarkskog frå hausten 2014 får lokaliteten høg vekt på storleik (helst over 50 daa), låg vekt på arts mangfald, låg vekt på påverknad og middels på tilstand, samt landskapsøkologisk betydning. Samla sett gjev dette verdien viktig - B. Dei til dels omfattande inngrep gjer vurderinga noko usikker og kanskje burde han vore sett lågare.

**Skjøtsel og hensyn:** Det beste for naturverdiane er nok stort sett å la lokaliteten få ligge i fred, men ekstensivt husdyrbeite vil vere positivt. Uttak av sand og grus og andre fysiske inngrep er klart negative.

Omtala lokalitet er den nordre av desse tre. Blå prikker er funnsteder for krevjande og dels raudlista artar.



## Naturtyperegistreringer

**Naturtype:** Gammel edellauvskog

**Utforming:** Gammel almeskog

**Mosaikk:** Totalt 2 naturtype(r) registrert: Gammel edellauvskog F02 - Gammel almeskog F0206 (60%), Rik edellauvskog F01 - Gråor-almeskog F0106 (100%).

**Feltsjekk:** 16.10.2014 (siste)

## Beskrivelse

**Innledning:** Skildringa er lagt inn av Geir Gaarder, Miljøfaglig Utredning, 17.12.2014, med grunnlag i eige feltarbeid 16.10.2014. Kartlegginga er gjort i samband med supplerande naturtypekartlegging i Møre og Romsdal på oppdrag for Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Lokaliteten har ikkje vore fanga opp i Naturbase tidlegare.

**Beliggenhet og naturgrunnlag:** Lokaliteten ligg i lisida på nordsida av Surna, rett aust for Mogstad. Den er prat om ei sørsvendt liside med varmekjær vegetasjon. Lokaliteten er skarpt avgrensa av granplantefelt i vest og hogstflate/ungskog i aust, noko meir diffus mot meir kulturpåverka mark i sør og gradvis fattigare skog i nord. Berggrunnen er truleg av grønstein, noko som gjev grunnlag for ganske frodig og dels kalkkrevjande vegetasjon.

**Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper:** Lia har hovudsakleg høgstaudeskog (anslag 80%)

og berre svake overgangar mot lågurtskog.

**Artsmangfold:** Hassel og lengst nede gråor er nok viktigaste treslag, men det er også litt alm (NT) her, samt boreale artar som bjørk (noe) og rogn. Feltsjiktet er frodig, men har berre noko avgrensa innslag av varmekjære artar. Dette omfattar m.a. skogstorr (nederst), skogsvinerot og skogsalat. Av størst interessse er mangfaldet av lav og sopp på gamle og dels daude almetre, med fleire funn av almekullsopp (NT) og *Chlorostoma vestlandicum* på almelæger, samt einskilde funn av almelav (NT) og blådoggnål (VU) på attståande, gamle almetre. Det er potensial for fleire krevjande og raudlista slike artar her.


**Bruk, tilstand og påvirkning:** Dei viktigaste kvalitetane ved lokaliteten er i ferd med å gå tapt som følgje av svært hardt hjortebete som har drept det mest av almetre her. Berre eit par gamle, grove tre står att nå (også desse oftast skadd), delvis døyande. Elles har skogen mest preg av å vere i aldersfase, men med innslag av noko daudt trevirke.

**Fremmede arter:** Litt oppslag av platanlønn i nedre delar, samt einskilde tre av gran.

**Del av helhetlig landskap:** Dei sørvestlige lisidene i Surnadalen har spreidd førekomst av varmekjær, rik edellauvskog og denne lokaliteten fell inn i eit slik nettverk.

**Verdivurdering:** Med grunnlag i faktaark frå hausten 2014 får lokaliteten middels vekt på storleik (13 da), raudlisteartar og tilstand. Samle sett gjev dette verdien viktig - B. Påverknaden av hjortebete er med på å trekke verdien ned, men inntil vidare vert den oppretthalden.

**Skjøtsel og hensyn:** Naturverdiane er i ferd med å gå tapt særleg som følgje av det harde hjortebetet og tilstanden til denne skogen er ein god dokumentasjon på at hjortebestanden i distriktet er alt for høg og bør reduserast vesentleg. Elles bør lokaliteten stort sett få ligge i fred, men framande treslag bør fjernast snarleg.



## Naturtyperegistreringer

**Naturtype:** Åpen flommark

**Utforming:** Elveør

**Mosaikk:** Totalt 2 naturtype(r) registrert: Åpen flommark E04 - Elveør E0405 (40%), Flommarksskog F21 - Flompåvirket oreskog E0405 (60%).

**Feltsjekk:** 16.10.2014 (siste)

## Beskrivelse

**Innledning:** Skildringa er lagt inn av Geir Gaarder, Miljøfaglig Utredning, 17.12.2014, med grunnlag i eige feltarbeid 16.10.2014. Kartlegginga er gjort i samband med supplerande naturtypekartlegging i Møre og Romsdal på oppdrag for Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Lokaliteten har ikkje vore fanga opp i Naturbase tidlegare. NB! Lokaliteten vart berre avstandsvurdert frå motsett side av elva og er difor dårleg dokumentert.

**Beliggenhet og naturgrunnlag:** Lokaliteten ligg langs Surna, rett på utsida av samløpet med Vinddøla. Den omfattar innsida av ein stor sving elva gjør, med tilhøyrande elveør eksponert for flom og noko flaummarkskog på innsida.

**Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper:** Ytre delar har truleg mest opne stein- og grusører i austre del, men det er også noko meir sandrikt substrat på skjerma delar i vest, samt innslag av

Lok. nr. 675 Holten: Vidøra forts.

gras- og urterik ør der. Indre delar har flaummarkskog på ukjent substrat.

**Artsmangfold:** Gråor er dominerande treslag, men også alm (NT) vart sett. Elles vart det ikkje sett spesielle artar, men lokaliteten bør ha relativt høgt potensial for elvebreddsinsekt.

**Bruk, tilstand og påvirkning:** Vassdraga er regulert, noko som heilt sikkert påverkar flaumar mv. Det går ein traktorveg inn mot området og dels inn i skogen. Skogen ser ut til å vere i ein aldersfase, men dette er usikkert.


**Fremmede arter:** Ingen observert, men truleg finst einskilde som platanlønn og lupiner.

**Del av helhetlig landskap:** Langs Surna finst det enno ein del miljø typisk for elveslettelandskap, men mykje har vorte forringa i nyare tid som følgje av vassdragsregulering, elveforbygning og andre inngrep.

**Verdivurdering:** Verdsettinga må vurderast som ganske usikker, men med grunnlag i faktaark frå hausten 2014 får lokaliteten middels vekt på storleik, truleg låg vekt på variasjon og arts mangfald, samt middels vekt på tilstand og påverknad. Samla sett gjev dette verdien viktig - B. Det kan godt vere at betre undersøkingar endrar denne vurderinga (og da potensielt i både retningar).

**Skjøtsel og hensyn:** Det er særleg viktig for naturverdiane at ein unngår fysiske inngrep som uttak av grus og sand og elveforbygning. I tillegg vil også hogst av stadeigne treslag vere negativt, medan eventuelle framande artar bør fjernast.

Omtalt lokalitet er vist med rød strek i søraust (liten lokalitet), medan grøn skravur viser gamle grenser. Blå prikker er funn av raudlistearter og andre krevfulle arter under feltarbeidet i 2014. Finlett stiplede linje er turruta.



## Naturtyperegistreringer

**Naturtype:** Rik edellauvskog

**Utforming:** Rasmark- og ravine-almeskog

**Mosaikk:** Totalt 2 naturtype(r) registrert: Store gamle trær D12 - Alm D1208 (5%), Rik edellauvskog F01 - Rasmark- og ravine-almeskog D1208 (100%).

**Feltsjekk:** 12.11.2014 (siste)

## Beskrivelse

**Innledning:** Skildringa er lagt inn av Geir Gaarder, Miljøfaglig Utredning, 17.12.2014, med grunnlag i eige feltarbeid 13.11.2014. Kartlegginga er gjort i samband med supplerande naturtypekartlegging i Møre og Romsdal på oppdrag for Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Dette har tidlegare vore ein del av ein stor lokalitet registrert som rik edellauvskog i Naturbase (ID BN00018148 - med namn "Halalia") avgrensa av Aune (2005). Lokaliteten er no revidert og avgrensinga vesentleg redusert og delt opp, der omtalt, avgrensa parti heilt søraust vert ein ny lokalitet.

**Beliggenhet og naturgrunnlag:** Lokaliteten ligg inne i Todalen, i den sørvestende lia noko søraust for garden Ramsøya, rett i overkant av dyrka marka der. Der er avgrensa av ei lita granplanting i nord, kulturmarkspreng i vest og ein høg berghammar i aust, medan det er litt utydeleg grense mot

*Lok. nr. 676 Engjavadberget forts.*

færre viktige artar og element i sør.

**Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper:** Dette er for det meste ei stabilisert, skogkledt rasmark med høgstaudevegetasjon.

**Artsmangfold:** Gråor er helst vanlegaste treslag (ca 40%), men her veks det også bjørk, hassel, rogn (ca 10%) og litt almetre (NT) (ca 20%). Feltsjiktet inneholder typiske høgstauder som store bregner som ormetelg, stornesle, junkerbregne og skogstjerneblom. På ei grov alm vart almelav (NT) funne.

**Bruk, tilstand og påvirkning:** Skogen er for det meste i aldersfase, med litt daudt trevirke (mest gråor, samla sett opptil 10-20 eks/daa). Ei alm skiller seg ut som grov og innhol (minst 80 cm i dbh)..


**Fremmede arter:** Det er planta gran i nærleiken, og den har så vidt spreidd seg inn i området. Det same gjeld platanlønn.

**Del av helhetlig landskap:** Det er ein del edellauvskog i dei sørvestlige lisidane i Todalen, der avgrensa lokaliteten utgjer ein liten del av dette nettverket.

**Verdivurdering:** Med grunnlag i faktaark frå våren 2014 får lokaliteten så vidt middels vekt på storleik (2 da), låg vekt på raudlisteartar og kjenneteiknande artar, middels på påverknad/framande artar og habitatkvalitet. Dette gjev samla sett verdien viktig - B. Lokaliteten er liten og utan den grove alma er det truleg vanskeleg å forsvare ein så høg verdi.

**Skjøtsel og hensyn:** Framande treslag bør fjernast. Elles er det beste om lokaliteten får ligge i fred for inngrep.

Omtalt lokalitet er vist med rød strek i nordvest (stor lokalitet), medan grøn skravur viser gamle grenser. Blå prikkar er funn av raudlistearter og andre krevfulle arter under feltarbeidet i 2014. Finlett stinla linje er tatt ut fra finlett stinla i 2011.



## Naturtyperegistreringer

**Naturtype:** Rik edellauvskog

**Utforming:** Rasmark- og ravine-almeskog

**Mosaikk:** Totalt 3 naturtype(r) registrert: Rik edellauvskog F01 - Rasmark- og ravine-almeskog F0106 (80%), Gammel edellauvskog F02 - Gammel almeskog F0116 (10%), Gammel boreal lauvskog F07 - Gammel lauvblandingsskog F0116 (20%).

**Feltsjekk:** 12.11.2014 (siste)

## Beskrivelse

**Innledning:** Skildringa er lagt inn av Geir Gaarder, Miljøfaglig Utredning, 17.12.2014, med grunnlag i eige feltarbeid 13.11.2014. Kartlegginga er gjort i samband med supplerande naturtypekartlegging i Møre og Romsdal på oppdrag for Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Dette har tidlegare vore ein del av ein stor lokalitet registrert som rik edellauvskog i Naturbase (ID BN00018148 - med namn "Halalia") avgrensa av Aune (2005). Lokaliteten er no revidert og avgrensinga vesentleg redusert og delt opp, der omtalt, avgrensa parti heilt vest vert ein ny lokalitet.

**Beliggenhet og naturgrunnlag:** Lokaliteten ligg inne i Todalen, i den sør vendte lia noko nord for garden Ramsøya, Den vert avgrensa av eit granplantefelt og mykje platanlønn i vest (samtidig dels

fattigare skog der), granplantefelt også i aust, medan det er noko fattigare og meir påverka skog i sør og litt usikker grense mot eldre, men fattigare skog i nord. Det er innslag av både ein bekk og i aust små bergvegger.

**Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper:** I austre delar er det ein del rik lågurtskog. Nær bekken kjem det dels inn stabilisert, open ur og dels noko meir høgstaudeprega vegetasjon. På vestsida av denne att på ny mest litt svak lågurtskog før ein kjem borti eit område med berre blokkmark med stadvis rik lågurtskog. I sørvest noko frodig høgstaudeskog og i nordvest gradvis overgang mot svakare høgstaudeskog og dels lågurtskog.

**Artsmangfold:** Alm (NT) finst med spreidde tre, men nokså sparsamt. Hassel er stadvis vanleg og det same gjeld boreale treslag som bjørk, rogn, selje og ein del gråor, samt meir lokalt osp og furu (særlig litt vest for bekken). Feltsjiktet er stadvis noko rikt, og lokalt med artar som breiflangre, kjempesvingel, myske, småborre (nær bekken), skogfaks (i vest) og skogbjørnebær (heilt i vest). På gamle almetre vart det gjort nokre funn av almelav (NT), narrepiggsopp (NT), bleikdoggnål (NT) og heilt i vest også blådoggnål (VU). Elles artar som lungenever, skrubbenever og grynfiltlav. Det er potensial for fleire krevjande og dels raudlista artar her.

**Bruk, tilstand og påvirkning:** I austre halvdel, fram til litt vest for bekken, er det mest skog i sein ungskogfase til aldersfase. Rett på austsida av bekken står det derimot nokre grove og gamle almetre ovanfor ura der. I vestre del er det meir gammalskogsfase med sparsamt med daudt trevirke, men innslag av fleire grove og dels innhole almetre. Samla sett eit ti-tals grove styvingstre av alm her.


**Fremmede arter:** Det er planta gran i nærleiken, og den har lokalt spreidd seg inn i området. Det same gjeld platanlønn som det dels er mykje av her.

**Del av helhetlig landskap:** Det er ein del edellauvskog i dei sørwendte lisidane i Todalen, der avgrensa lokaliteten utgjer ein viktig del av dette nettverket.

**Verdivurdering:** Med grunnlag i faktaark frå våren 2014 får lokaliteten så vidt høg vekt på storleik (49 da), middels vekt på raudlisteartar og kjenneteiknande artar, middels på påverknad/framande artar og habitatkvalitet. Dette gjev samla sett verdien viktig - B. På grunn av storleiken (heilt på grensa mot høg vekt der), potensial for fleire raudlisteartar og at lokaliteten ligg som ein viktig del av eit nettverk av edellauvskogsmiljø i dalføret, vert verdien her sett opp til svært viktig - A, men får ein ikkje fjerna ein del platanlønn kan verdien måtte setjast ned att.

**Skjøtsel og hensyn:** Framande treslag bør fjernast så snart som råd, da særleg platanlønn er i ferd med å redusere verdien til lokaliteten vesentleg. Elles er det beste om lokaliteten får ligge i fred for inngrep.

Omtalt lokalitet er vist med rød strek i midten (liten lokalitet), medan grøn skavur viser gamle grenser. Blå prikker er funn av raudlistearter og andre kraftfulle arter i mindre feltarbeid i 2014. Finlett stiplede linje er turruta



## Naturtyperegistreringer

**Naturtype:** Store gamle trær

**Utforming:** Alm

**Mosaikk:**

**Feltsjekk:** 12.11.2014 (siste)

## Beskrivelse

**Innledning:** Skildringa er lagt inn av Geir Gaarder, Miljøfaglig Utredning, 17.12.2014, med grunnlag i eige feltarbeid 13.11.2014. Kartlegginga er gjort i samband med supplerande naturtypekartlegging i Møre og Romsdal på oppdrag for Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

**Beliggenhet og naturgrunnlag:** Lokaliteten ligg inne i Todalen, i den sør vendte lia noko nord for garden Ramsøya, litt oppe i lia. Det er berre prat om eit einskild tre.

**Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper:** Det er nok mest lågurtskog her.

**Artsmangfold:** Rundt almetreet (NT) er det litt småvaksen skog med mest gråor her samt nokre kraftige hasselkratt. Artar som gauksyre, sølvbunke og myske. På treet veks både bleikdoggnål (NT), almelav (NT) og narrepiggssopp (NT).

**Bruk, tilstand og påvirkning:** Treet er ganske grovt og gammalt (vel 60 cm i dbh), men utan større holrom. Det er litt spor etter gnaging frå hjort ved basis.

*Lok. nr. 678 Skrøåbekken ved Ramsøy forts.*


**Fremmede arter:** Det er planta gran i nærleiken, og arten er i full spreiing her.

**Del av helhetlig landskap:** Det er ein del edellauvskog i dei sørveste lisidane i Todalen, der avgrensa lokaliteten utgjer ein liten del av dette nettverket.

**Verdivurdering:** Med grunnlag i faktaark frå hausten 2014 får lokaliteten låg vekt på storleik, middels på sprekkebork, låg på vedmold og middels på raudlisteartar. Samla sett gjev dette verdien viktig - B.

**Skjøtsel og hensyn:** Det viktig å fjerne gran i nærleiken av treet (ikkje nærmare enn 20 meter unna). Elles er nok det beste berre å la treet og miljøet heilt inntil få vere i fred.

Omtalt lokalitet er vist med rød strek i heilt i vest (liten lokalitet), medan grøn skravur viser gamle grenser. Blå prikker er funn av raudlistearter og andre krevfulle arter i mindre feltarbeidet i 2014. Finlett stiplede linje er turruta



## Naturtyperegistreringer

**Naturtype:** Rik edellauvskog

**Utforming:** Lågurt-hasselkratt

**Mosaikk:**

**Feltsjekk:** 12.11.2014 (siste)

## Beskrivelse

**Innledning:** Skildringa er lagt inn av Geir Gaarder, Miljøfaglig Utredning, 17.12.2014, med grunnlag i eige feltarbeid 13.11.2014. Kartlegginga er gjort i samband med supplerande naturtypekartlegging i Møre og Romsdal på oppdrag for Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

**Beliggenhet og naturgrunnlag:** Lokaliteten ligg inne i Todalen, i den sør vendte lia noko nordvest for garden Ramsøya. Det er prat om ei lita kløft med fattig skog på kantane, samt munningen av denne, før det på ny går over i fattigare skog og ikkje minst granplantefelt i nedkant. Lokaliteten har innslag av noko bergveggar, medan det i liten grad er å sjå på som rasmarkskog dette.

**Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper:** Her er det primært lågurtskog.

**Artsmangfold:** Hassel er vanleg og dels dominerande (minst 40%). Elles finst boreale treslag som bjørk (20-30%), rogn, osp (ca 5%) og furu (ca 25%). I feltsjiktet veks det lokalt både myske, breiflangre og vårerteknapp, samt også lundgrønaks og kransmynte. Det er potensial for noko

Lok. nr. 679 Øykjehammaren forts.

krevjande marklevande sopp saman med hassel. Ein del skriftlav på hassel og grynfiltlav og bergfrue på berg.


**Bruk, tilstand og påvirkning:** Skogen kan ikkje seiast å vere særleg gammel, aldersfase til tidleg gammalskogsfase er nok mest korrekt. Det er litt daudt trevirke (over 10 læger/daa).

**Fremmede arter:** Det er planta gran i nærleiken, men den har hittil i liten grad spreidd seg inn i lokaliteten. Derimot finst platanlønn innanfor lokaliteten.

**Del av helhetlig landskap:** Det er ein del edellauvskog i dei sørvestlige lisidane i Todalen, der avgrensa lokaliteten utgjer ein liten del av dette nettverket.

**Verdivurdering:** Med grunnlag i faktaark frå våren 2014 får lokaliteten så vidt middels vekt på storleik (vel 2 da), låg vekt på raudlisteartar og nuddels på kjenneteiknande artar, middels på påverknad/framande artar og habitatkvalitet. Dette gjev samla sett verdien viktig - B. Sidan lokaliteten er liten og utan spesielle funn, vert denne skjønnsmessig sett ned til lokalt viktig - C her.

**Skjøtsel og hensyn:** Framande treslag bør fjernast så snart som råd, da ikkje minst platanlønn. Elles er det beste om lokaliteten får ligge i fred for inngrep.



## Naturtyperegistreringer

**Naturtype:** Gammel edellauvskog

**Utforming:** Gammel almeskog

**Mosaikk:** Totalt 3 naturtype(r) registrert: Gammel edellauvskog F02 - Gammel almeskog F0206 (40%), Rik boreal lauvskog F04 - Rik løvskog i liside F0206 (60%), Rik edellauvskog F01 - Gråor-almeskog F0106 (40%).

**Feltsjekk:** 12.11.2014 (siste)

## Beskrivelse

**Innledning:** Skildringa er lagt inn av Geir Gaarder, Miljøfaglig Utredning, 17.12.2014, med grunnlag i eige feltarbeid 13.11.2014. Kartlegginga er gjort i samband med supplerande naturtypekartlegging i Møre og Romsdal på oppdrag for Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

**Beliggenhet og naturgrunnlag:** Lokaliteten ligg inne i Todalen, på austsida av elva aust for Taløyen. Her kjem Fjøslibekken ned frå nord og det er noko frodig skog i kantsonar til denne samt i ei rasmark (dels nokså grov blokkmark) på austsida. Lokaliteten grensar nokså skarpt mot granplantefelt i vest, kulturpåverka ungskog (og steingjerde) i sør, bergveggar mv i aust og dels nord.

**Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper:** Her er det primært høgstaudeskog.

Lok. nr. 680 Taløyane: Fjøslibekken forts.

**Artsmangfold:** Det er nok boreale treslag som gråor og selje som er dominerande, men det finst også handfull almetre (NT), samt bjørk, rogn og osp og nokre furutre. Sparsamt med hassel. Feltsjiktet er frodig, men mest typiske høgstaudeartar og lite varmekjære artar, som stornesle, skogstjerneblom, myskegras og myske. På gamle lauvtre er det noko lungenever-samfunn med lungenever, sòlvnever, skrubbenever, grynpiltlav, kystårenever og vrenge-artar. I tillegg veks det på einskilde av dei gamle almetrea både bleikdoggnål (NT), almelav (NT), narrepiggssopp (NT) og almebroddsopp (VU). I tillegg vart det på ein morken furulåg funne både vedalgekølle (NT) og grønsko. Sistnemnde er ny for dalføret og berre med eit tidlegare kjent funn i kommunen. Det er nok potensial for enno fleire raudlisteartar her.


**Bruk, tilstand og påvirkning:** Skogen er i klar gammalskogsfasa, med innslag av litt daudt trevirke inkludert ein grov, nokså fersk almelåg. I tillegg er det fleire ganske grove, levande tre (den grøvste alma kanskje 80 cm i dbh), både av alm og selje. I det minste almetreet som har gått overende har helst vore styva før.

**Fremmede arter:** Det er planta gran i nærleiken, men den har hittil i liten grad spreidd seg inn i lokaliteten.

**Del av helhetlig landskap:** Det er ein del edellauvskog i dei sørvestlige lisidane i Todalen, der avgrensa lokaliteten dels utgjer ein austleg utpostlokalitet av dette nettverket.

**Verdivurdering:** Med grunnlag i faktaark frå hausten 2014 får lokaliteten middels vekt på storleik (6 da), raudlisteartar og tilstand. Samle sett gjev dette verdien viktig - B.

**Skjøtsel og hensyn:** Framande treslag bør fjernast. Elles er det beste om lokaliteten får ligge i fred for inngrep.



## Naturtyperegistreringer

**Naturtype:** Gammel boreal lauvskog

**Utforming:** Gammel gråorheggeskog

**Mosaikk:**

**Feltsjekk:** 04.12.2014 (siste)

## Beskrivelse

**Innledning:** Skildringa er lagt inn av Geir Gaarder, Miljøfaglig Utredning, 17.12.2014, med grunnlag i eige feltarbeid 04.12.2014. Kartlegginga er gjort i samband med supplerande naturtypekartlegging i Møre og Romsdal på oppdrag for Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

**Beliggenhet og naturgrunnlag:** Lokaliteten ligg noko sørvest for Røv, i lia ovanfor garden Mauset, like nordaust for Honnstadstra. Det er prat om ei ganske bratt nordvendt liside ned mot ein bekk, der også arealet rundt bekken er inkludert i lokaliteten. På vestsida er det dels granplantefelt, medan det elles vert fattigare skog og dels litt myr på andre kantar.

**Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper:** Her er det primært høgstaudeskog, samt små areal med flaummarkskog (ca 5%) langs bekken.

**Artsmangfold:** Gråor er dominerande treslag, men det finst også sparsamt med rogn, osp, bjørk og selje. I feltsjiktet har ein typiske høgstauder som maigull og junkerbregne, samt meir vanlege artar

*Lok. nr. 681 Mausetsætra nord forts.*

som stornesle, skogstjerneblom og enghumleblom. På eit par gråorgadd vart gammalskogsartar som langnål (NT) og dverggullnål funne. Elles artar som lungenever, skrubbenever og vrengeartar. På læger vart berre sagtvibladmose funne.


**Bruk, tilstand og påvirkning:** Skogen er i klar gammalskogsfase, med innslag av litt daudt trevirke (opp mot vel 10 eks/da). Ein attgroande gammal seterveg går på skrå opp gjennom lia gjennom lokaliteten.

**Fremmede arter:** Det er planta gran i nærleiken, og den har spredd seg inn (det er no kanskje 3 eksemplar/da her).

**Del av helhetlig landskap:** Slike gamle og frodige oreskoger finst det meir av i nedre delar av Vinddøldalen ikkje langt mot aust.

**Verdivurdering:** Med grunnlag i faktaark frå hausten 2014 får lokaliteten middels vekt på storleik (26 da), låg vekt på artsmangfald og middels vekt på tilstand. Samla sett vert da verdien viktig - B.

**Skjøtsel og hensyn:** Det beste for naturverdiane er å la lokaliteten få ligge i fred for inngrep, men skulle det kome inn framande treslag bør dei fjernast. Ekstensiv bruk av stølsvegen (inkludert rydding) til friluftsliv er ikkje i konflikt med verdiane, men opprusting av den vil fort bli det.



## Naturtyperegistreringer

**Naturtype:** Gammel boreal lauvskog

**Utforming:** Gammel gråorheggeskog

**Mosaikk:**

**Feltsjekk:** 04.12.2014 (siste)

## Beskrivelse

**Innledning:** Skildringa er lagt inn av Geir Gaarder, Miljøfaglig Utredning, 17.12.2014, med grunnlag i eige feltarbeid 04.12.2014. Kartlegginga er gjort i samband med supplerande naturtypekartlegging i Møre og Romsdal på oppdrag for Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Lokaliteten er tidlegare avgrensa som ein MiS-figur (nr 25466) og avgrensinga er lik.

**Beliggenhet og naturgrunnlag:** Lokaliteten ligg rett på oversida av vegen oppover Vinddøldalen, og er forutan vegen for ein del avgrensa mot meir påverka og/eller fattigare skog på alle kantar, samt meir gran i sør. Det er bratt om ein nokså bratt og fuktig nordvendt liside.

**Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper:** Her er det omtrent berre høgstaudeskog.

**Artsmangfold:** Gråor er dominerande treslag, men det finst også noko hegg, rogn og bjørk. I feltsjiktet har ein typiske høgstauder som mjødurt, turt og enghumleblom, samt ein del skogkarse i kjeldeprega parti. På gamle lauvtre veks artar som lungenever, skrubbenever, vanleg blålfiltlav,

*Lok. nr. 682 Bankaren nordaust forts.*

brun blæreglye, kystårenever og vrenge-arter.

**Bruk, tilstand og påvirkning:** Skogen er i klar gammalskogsfase, med innslag av ein del daudt trevirke.


**Fremmede arter:** Det er planta gran i nærleiken, og den har lokalt grad spreidd seg inn i lokaliteten.

**Del av helhetlig landskap:** Slike gamle og frodige oreskoger finst det meir av i nedre delar av Vinddøldalen.

**Verdivurdering:** Med grunnlag i faktaark frå hausten 2014 får lokaliteten middels vekt på storleik (43 da), låg vekt på artsmangfald og middels vekt på tilstand. Samla sett vert da verdien viktig - B.

**Skjøtsel og hensyn:** Det beste for naturverdiane er å la lokaliteten få ligge i fred for inngrep, men gran som kjem inn bør takast ut snarleg.

Omtala lokalitet er den vestre av desse to. Blå prikkar er funnsteder for krevjande arter.



## Naturtyperegistreringer

**Naturtype:** Rik edellauvskog

**Utforming:** Gråor-almeskog

**Mosaikk:**

**Feltsjekk:** 04.12.2014 (siste)

## Beskrivelse

**Innledning:** Skildringa er lagt inn av Geir Gaarder, Miljøfaglig Utredning, 17.12.2014, med grunnlag i eige feltarbeid 04.12.2014. Kartlegginga er gjort i samband med supplerande naturtypekartlegging i Møre og Romsdal på oppdrag for Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

**Beliggenhet og naturgrunnlag:** Lokaliteten ligg på nordsida av Surnadalens, mellom Mogstad og Gulla. Det er prat om ei ganske bratt sør vendt liside, men med lite bergveggar. Lokaliteten er avgrensa av ein skogsveg i nedkant, granplantefelt i aust, hogstflate i nord og dels granplantefelt i vest.

**Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper:** Det ser for det meste ut til å vere svak lågurtskog her, men helst også noko rein lågurtskog.

**Artsmangfold:** Platanlønn ser ut til å vere dominerande treslag (over 40% dekning), samt at det er ein del hassel i busksjiktet. Elles noko gråor, litt rogn og bjørk. Berre eit levande almetre (NT) vart

Lok. nr. 683 Grønhallet vest forts.

sett. Feltsiktet var artsfattig (ein del sølvbunke) og berre så vidt myske vart påvist av interesse. På eit par almelæger vaks almekullsopp (NT) og *Chlorostoma vestlandicum*.

**Bruk, tilstand og påvirkning:** Skogen er i ein aldersfase, med lite daudt trevirke. Hjorten har truleg drept det som har vore av alm her tidlegare.



**Fremmede arter:** Platanlønn har langt på veg teke overhand som dominerande treslag her. Også gran er i spreiing innanfor lokaliteten.

**Del av helhetlig landskap:** Det finst ein del rike edellauvskogar på nordsida av Surnadalen, men det høge innslaget av platanlønn og omrent mangel på alm gjer det litt usikkert om lokaliteten lenger skal reknast som ein del av eit slikt nettverk.

**Verdivurdering:** Med grunnlag i faktaark frå våren 2014 får lokaliteten høg vekt på storleik (20 da), låg vekt på raudlisteartar og kjenneteiknande artar, låg vekt på påverknad/framande artar og habitatkvalitet. Dette gjev samla sett verdien viktig - B. Sidan det er så høgt innslag av platanlønn her så vert verdien sett ned til lokalt viktig - C.

**Skjøtsel og hensyn:** Skal ein ta vare på noko av verdiane som framleis finst må ein systematisk fjerne all platanlønn samt spare hassel og plante inn att alm. Hjortebestanden bør i tillegg truleg reduserast kraftig.

Omtala lokalitet er den austre av desse to. Blå prikker er funnsteder for krevjande arter.



## Naturtyperegistreringer

**Naturtype:** Gammel edellauvskog

**Utforming:** Gammel almeskog

**Mosaikk:** Totalt 2 naturtype(r) registrert: Rik edellauvskog F01 - Rasmark-almeskog F0113 (100%), Gammel edellauvskog F02 - Gammel almeskog F0206 (70%).

**Feltsjekk:** 04.12.2014 (siste)

## Beskrivelse

**Innledning:** Skildringa er lagt inn av Geir Gaarder, Miljøfaglig Utredning, 17.12.2014, med grunnlag i eige feltarbeid 04.12.2014. Kartlegginga er gjort i samband med supplerande naturtypekartlegging i Møre og Romsdal på oppdrag for Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

**Beliggenhet og naturgrunnlag:** Lokaliteten ligg på nordsida av Surnadalen, like nordvest for Gulla. Det er prat om ei ganske bratt sørvendt liside, men innslag av litt bergveggar i sentrale/austre del. Lokaliteten er dels avgrensa av ein skogsveg i nedkant, hogstflate i vest og fattigare skog i nord og dels aust. Berggrunnen

**Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper:** Her er det nok ein del høgstaudeskog og det er mogeleg bergveggane er intermediære.

**Artsmangfold:** Viktige treslag er rogn, gråor og alm (NT), men særleg sistnemnde finst mest som

læger og berre få et i live. Også innslag av m.a. osp og litt hassel. Feltsjiktet er frodig og ein stad vart truleg lundkarse funnen, ein svært sjeldsynt art i regionen (men den finst også i Kalsetlia innanfor Surnadal kommune). I tillegg lokal førekomst av artar som kjempesvingel, lodneperikum, skogsvingel, skogstorr, småborre og ein del myske og junkerbregne. Også funn av taggbregne, noko som også tyder på kalkrik mark. Elles artar som skogsvinerot. På almelæger vart det gjort mange funn av almekullsopp (NT) og *Chlorostoma vestlandicum* (over 10 stokker av sistnemnde). I tillegg også eit funn av skrukkøre (NT). På gammal alm/almostubber vaks i tillegg einskilde skorpelav, som bleikdoggnål (NT), almelav (NT) og blådoggnål (VU). Sparsom førekomst av artar som lungenever, skrubbenever og gryntfiltlav.


**Bruk, tilstand og påvirkning:** Skogen er i ein aldersfase til gammalskogsfase, og stadvis er det mykje daudt trevirke særleg av alm (i parti langt over 20 læger/daa). Dette gjeld også fleire grove, tidlegare styvingstre, men det meste er av middels dimensjonar. Hjorten har truleg drept det aller meste som har vore av alm her tidlegare. Framleis står det att eit par ganske grove og gamle almetre her enno.

**Fremmede arter:** Platanlønn er i sterkt spreiing og også gran spreier seg her.

**Del av helhetlig landskap:** Det finst ein del rike edellauvskogar på nordsida av Surnadalen, og denne må framleis reknast som del av eit slikt nettverk.

**Verdivurdering:** Med grunnlag i faktaark frå våren 2014 får lokaliteten høg vekt på storleik (34 da), middels vekt på raudlisteartar og kjenneteiknande artar, middels vekt på tilstand. Dette gjev samla sett verdien svært viktig - A. Sidan så mykje av almetrea er drept vert verdien her sett ned til viktig - B.

**Skjøtsel og hensyn:** Skal ein ta vare på noko av verdiane som framleis finst må ein systematisk fjerne all platanlønn og gran samt spare heimehøyrande treslag. Hjortebestanden bør i tillegg truleg reduserast kraftig.



Miljøfaglig Utredning AS ble etablert i 1988. Firmaets hovedformål er å tilby miljøfaglig rådgivning. Virksomhetsområdet omfatter blant annet:

- Kartlegging av biologisk mangfold
- Kartlegging av landskap og landskapsanalyser
- Konsekvensanalyser for ulike tema, blant annet: Naturmangfold, landskap, friluftsliv, reiseliv og landbruk
- Utarbeiding av forvaltningsplaner for verneområder
- Utarbeiding av kart (illustrasjonskart og GIS)
- FoU-virksomhet
- Foredragsvirksomhet

Hovedadresse: Gunnars veg 10,  
6630 Tingvoll

Hjemmeside: [www.mfu.no](http://www.mfu.no)